



KOPI

## FYLKESMANNEN I ROGALAND

KONTORADRESSE: STATENS HUS, LAGÅRDSVEIEN 78 - POSTADRESSE: POSTBOKS 0059, 4001 STAVANGER  
TELEFON: (04) 56 87 00 - TELEFAX: (04) 56 88 11

TELEFAX: KOMMUNAL- OG ADM.AVD.: (04) 56 88 11 - BEREDSKAPSAVD.: (04) 52 51 90 - SOSIAL- OG FAM.AVD.: (04) 56 88 77 - MILJØVERNAVD.: (04) 52 90 27

Hjelmeland kommune  
v/rådmannen  
4130 Hjelmeland.

Deres ref:  
Sak 25/93

Vår ref:  
(6) 2670/92/MG/ATB  
Ark: 471.382/40

Dato:  
23.08.94

### GODKJENNING AV FORVALTINGSPLAN FOR VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE.

Fylkesmannen syner til forvaltingsplanen for dette området, godkjend av Hjelmeland kommune den 30.03.93 og oversendt til fylkesmannen for endeleg godkjenning. Dette arbeidet er ei følgje av det ansvaret Hjelmeland kommune fekk for verneområda i brev frå Miljøverndepartementet, dagsett 08.03.91. I samgåvar med dette brevet skal fylkesmannen godkjenne planen. Planen vart journalført på miljøvernavdelinga 29.04.93. Me seier oss leie for den lange sakshandsamingstida.

Forvaltingsplanar er eit relativt nytt "verktøy" i den norske naturforvaltninga. Forvaltning av verna område i Noreg har ofte skjedd utan at det låg eit særskilt plandokument til grunn. For nokre område har det vore utarbeidd skjøtselsplanar. Forvaltingsplanen skal søkja å finna fram til korleis forvaltingsstyresmakta best skal kunna sikra naturkvalitetane i eit verneområde.

Forvaltingsplanen for Vormedalsheia er bygd opp på ein oversiktleg måte, og gir ein god gjennomgang av ulike problemstillingar. Fylkesmannen sit og med det inntrykket at ein ikkje heilt har funne fram til korleis forvaltninga skal møta alle utfordringane ein vil stå framfor i åra framover. Vi ser det difor som positivt at kommunen i sitt vedtak spesielt nemner at planen vert tatt opp til revisjon når fleirbruksplanen for Setesdal - Ryfylkeheiane og prosjekt "Inngrep og forstyrningar i villreinområde" ligg føre.

#### *Landbruksbygningar generelt*

I mange samanhengar vert aktivitet som jakt, fiske og fangst ofte rekna som landbruk, og utnytting av utmarksressursene vert ofte nytta som argument ved søknad om løyve for bygging av driftshytte i fjellet. Fylkesmannen har difor i samband med godkjenninga av forvaltingsplanen for Vormedalsheia funne det naudsynt å koma med ein del merknader til omgrepet utmarksnæring. I høve til plan- og bygningslova vert jakt, fangst og fiske ikkje utan vidare rekna som landbruk. Jakt- og fiskebuer kan likevel oppfattast som driftsbygningar dersom dei er naudsynte/tenelige t.d. for overnatting i samband med sauesanking o.l., eller dei vert nytta av eigar ved næringsmessig fiske, fangst og jakt. Det er i det siste tilfellet ein føresetnad at sal av kjøt, fisk, jakt- eller fiskeløyve utgjør ein nemneverdig del av garden si driftsinntekt, (jf. vedlegg - brev frå Miljøverndepartementet til fylkesmannen i Finnmark). Fylkesmannen ønskjer å presisera dette punktet. Vi finn det ikkje naudsynt at planen vert

endra, men fylkesmannen vil be om at kommunen legg denne tolkinga til grunn ved vurdering av byggesøknader innafor Vormedalsheia landskapsvernområde.

#### *Landbruksbygg i Vormedalsheia*

Bygging av hytter/driftsbygg er ein type inngrep som kan vera svært dominerande i landskapet. Sett på bakgrunn av at det er eit stort antal bygningar i dei lågareliggjande delane av verneområdet, kan fylkesmannen vanskeleg sjå at det er behov for nye driftshytter i dette området, for t.d. å kunna nytta jakt, fiske og beiterettar. Det hadde elles vore ønskjeleg at forvaltingsplanen viste dei urørte naturområda/viktigaste reinsdyrområda der det ikkje var aktuelt å tillata bygging av nye driftshytter. Fylkesmannen vil oppmoda kommunen til å få denne problemstillinga klarare fram i forvaltingsplanen.

#### *Hyttebygging i Vormedalsheia*

I Vormedalsheia er det registrert ca. 20 hytter som er eigd av bygdafolket. Dei fleste av desse hyttene ligg i tilknytning til stølsområda, m.a.o. i dei lågareliggjande delane av verneområdet. I verneforskriftene står det at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bygging av einssilde hytter i områder der det er hytter frå før. Fylkesmannen saknar ein diskusjon om grunnlaget for bygging av nye hytter, og kva for problem eventuelt nye hytter kan skapa (ferdsle kontra villrein, landskapsinngrep m.m.). I forvaltingsplanen er Vormedalsheia delt inn i tre soner - område med ulike naturkvalitetar og særtrekk, men det kjem ikkje fram av denne soneinndelinga kor det av omsyn til naturkvalitetane ikkje vil verta aktuelt å tillata bygging av hytter. Det er difor vanskeleg å sjå korleis denne soneinndelinga skal kunna nyttast ved vurdering av byggesøknader. Fylkesmannen vil oppmoda kommunen til å konkretisera dette nærare i neste forvaltingsplan.

#### *Villrein*

Fylkesmannen er godt kjend med at det er knytt mange ulike synspunkt til forvaltninga av villreinstammen i Ryfylkeheiane. Verneplanen for Vormedalsheia har som føremål å sikra leveområde for villreinen. Forvaltingsplanen er innom ulike tilhøve som kan ha konsekvensar for villreinen, men er ofte noko upresis når det gjeld uroing av villreinen. Forvaltingsplanen har etter fylkesmannens vurdering ikkje funne fram til ein endeleg avklaring mellom villrein- og friluft-/reiselivsinteresser, men vi ventar at dette vil betra seg ved ny informasjon og ved første revidering av forvaltingsplanen.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen godkjenner forvaltingsplanen for Vormedalsheia.

  
Sigmund Hatløy  
fylkesmiljøvernssjef

  
Odd Kjos-Hanssen  
seksjonsleiar

Saksh: Morten Gluva og Anders T. Braa



I

FYLKESMANNEN I ROGALAND			
MILJØVERNDELINGEN			
(3)			
Mottatt	29. 04. 93		
J nr	267/92	Ark. nr.	471.382/40
Til	Sett	Til	Behandler
			S. M. F.

FORVALTINGSPLAN FOR  
VORMEDALSHEIA  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE  
I HJELMELAND KOMMUNE, ROGALAND

Tilråding frå Hjelmeland kommune,  
jf kommunestyrevedtak den 30.3.93, sak 25/93:

**VEDTAK:**

Hjelmeland kommune sluttar seg til utarbeidd forslag til forvaltingsplanar for Vormedalsheia landskapsvernområde og Lusaheia landskapsvernområde, dagsett februar 1993.

Kommunen sine medlemmer til tilsynsutvala vert oppnemnd når planforslaga er endeleg godkjent. På grunn av overføring av ytre landbruksetat til kommunane frå 1.1.94, vert nemninga "representant for landbruksstyresmaktene" erstatta av "representant med administrativ landbruksfagleg kompetanse utnemnd av Hjelmeland kommune".

Forvaltningsplanane vert tatt opp til revisjon når fleirbruksplanen for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og prosjekt "Inngrep og forstyrringar i villreinområde" ligg føre.

Hjelmeland kommune  
Formannskapssekretariatet

# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	4
<b>1. SAMANDRAG</b> .....	5
<b>A. Generell skildring</b>	
<b>2. INNLEIING</b> .....	6
2.1. Landskapsvernområde som verneform .....	7
2.2. Forvaltning av naturvernområde i Noreg .....	7
<b>3. OMTALE AV VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE</b> ....	8
3.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve .....	8
3.2. Verneverdiar .....	9
3.3. Naturforhold .....	10
3.3.1. Geologi og landskap .....	10
3.3.2. Vegetasjon .....	12
3.3.3. Fugle- og dyreliv .....	13
Villreinen sin bruk av området .....	15
3.4. Kulturhistorie .....	16
3.5. Bruk av området i dag .....	17
3.6. Inngrep .....	19

B. Forvaltning av Vormedalsheia landskapsvernområde	
4. MÅL, PROBLEMSTILLINGAR OG STRATEGIAR .....	20
4.1. Mål for forvaltning av landskapsvernområde i Noreg .....	20
4.2. Mål for forvaltninga av Vormedalsheia landskapsvernområde .....	22
4.3. Problemstillingar og utfordringar knytta til forvaltninga av området .....	24
4.4. Forhold til tilgrensande område .....	25
4.5. Strategiar .....	26
5. SONEINDELING .....	27
5.1. Kategorier for soneinndeling .....	27
5.2. Soneinndeling av landskapsvernområdet .....	29
5.3. Tilråding til soneinndeling av tilgrensande område .....	30
6. PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTEN OG TILTAK .....	32
6.1. Aktuelle problemstillingar og brukerinteresser .....	32
6.1.1. Jordbruksdrift .....	33
6.1.2. Skogbruksdrift .....	37
6.1.3. Bygningar .....	39
6.1.4. Motorferdsel i utmark .....	41
6.1.5. Friluftsliv og reiseliv .....	43
6.1.6. Villrein, jakt og fiske .....	45
6.2. Tiltak og skjøtselsplan .....	46
7. FORVALTNING, OPPSYN OG INFORMASJON .....	47
7.1. Dei ulike forvaltningsorgana .....	47
7.2. Rådgjevande utval for forvaltninga .....	48
7.3. Aktuelle forvaltningsoppgåver / intern organisering i kommunen ..	49
7.4. Plan for oppsyn og informasjon .....	50
LITTERATUR .....	52
VEDLEGG .....	54
Vedlegg I: Mindretalsmerknad til kap. 6.1.5. ....	54
Vedlegg II: Temakart kulturminner .....	55
Vedlegg III: Temakart løypenett / turisthytter .....	56
Vedlegg IV: Temakart soneinndeling .....	57
Vedlegg V: Forskrift om vern .....	58
Vedlegg VI: Handlingsplan .....	61

## **FORORD**

Hjelmeland kommune er av Miljøverndepartementet tildelt ansvar som lokal forvaltningsstyresmakt for verneområda i kommunen med verknad frå 1.5.91. Som eit resultat av dette legg ein no fram to forvaltningsplanar, ein for kvart av dei to landskapsvernområda i kommunen, Vormedalsheia og Lusaheia.

Bakgrunnen for utarbeidinga av forvaltningsplanane har vore eit ønskje om ei aktiv forvaltning. Forvaltningsplanane skal hjelpe til å oppnå føremålet med vernet, avklare tilhøvet mellom bruk og vern og utdjupe dei to verneforskriftene. Forvaltningsplanane vil vera ein reiskap for kommunen ved praktiseringa av verneforskriftene, og for tilsynsutvalet ved deira arbeid. Tilsynsutvalet skal vera eit lokalt kontaktpunkt for forvaltninga av verneområdet. Ein ønskjer eit samarbeid med grunneigarane som ein viktig part i den vidare forvaltninga.

Planutvalet som har utarbeidd forvaltningsplanane har hatt 7 møte frå 20.1.92 til 11.1.93. Planutvalet har vore samansett av ordførar Terje Borgen, rådmann Arne Kleppa, leiar i kultur/naturstyret Svanhild Hetland, leiar i vilt/innlandsfiskeremnda Olav Hjorteland, grunneigarrepresentant for Lusaheia landskapsvernområde Johannes Laugaland og grunneigarrepresentant for Vormedalsheia landskapsvernområde Hans Ove Mæland. Sekretariatet for planarbeidet har vore kultur/naturetaten ved miljøvernleiar Haldis K. Nilsen og engasjert konsulent Tom Sørum. Sekretariatet har óg vore i direkte kontakt med grunneigarar i områda.

Grunneigarane sitt arbeidsutval for Vormedalsheia landskapsvernområde har vore Lars Strøm og Hans Ove Mæland. Arbeidsutvalet for Lusaheia landskapsvernområde har vore Kjell Østensen, Johannes Våge og Johannes Laugaland.

Ei administrativ tverretatlig kontaktgruppe i kommunen har følgd planarbeidet.

Planutvalet står samla bak forvaltningsplanen med unntak av punkt under kap. 6.1.5. Friluftsliv og reiseliv, om tiltak som kan føre til auka trafikk i heia (sjå mindretalsmerknad vedlegg I).

Høyringsutkastet til forvaltningsplanen har vore ute på lokal høyring i tida 15.7.-15.10.92. Etter samanfatning av innkomne fråsegner og ny gjennomgang i planutvalet, blir forvaltningsplanen sendt til politisk handsaming i kommunen. Planen skal endeleg godkjenast av Fylkesmannen i Rogaland. Direktoratet for naturforvaltning er klageinstans når det gjeld forvaltningsplanar. (Jfr. brev frå Miljøverndepartementet 08.03.91.).




Vormedalsheia Landskapsvernområde  
og Lusaheia Landskapsvernområde  
HJELMELAND KOMMUNE ROGALAND

Kart M711 1313 I, II, III, IV

Druksrett 44/91

Vormedalsheia  
Landskapsvernområde

Lusaheia  
Landskapsvernområde





# 1. SAMANDRAG

Vormedalsheia landskapsvernområde (120 km<sup>2</sup>) og Lusaheia landskapsvernområde (122 km<sup>2</sup>) blei oppretta ved kongelig resolusjon av 19.april 1991. Hjelmeland kommune er av Miljøverndepartementet tildelt ansvar som lokal forvaltningsstyresmakt for verneområda i kommunen med verknad frå 1.5.91. Som eit resultat av dette legg ein no fram to forvaltningsplanar, ein for kvart av dei to landskapsvernområda i kommunen.

I del A i planen vert det gjeve ei omtale av naturtilhøve og kulturminne i Vormedalsheia.

Del B tek føre seg forvaltninga av Vormedalsheia landskapsvernområde. Hovudmålet for forvaltninga av landskapsvernområdet er å gje vern for landskapsbilete som ein heilskap og at igangverande utnytting som ikkje bryt med verneføremålet kan halde fram.

For Vormedalsheia er det eit mål å ta vare på den store variasjonen i natur- og landskapstyper, spesielt det rike plantelivet. Det er eit mål å behalde kulturpåverknaden og landbruksdrifta og det er eit mål at friluftsliv skal kunne utøvast og turishytter og turløyper nyttast, samstundes som ein tek omsyn til beitedyr og viltet.

På bakgrunn av naturkvalitetane i Vormedalsheia og Lusaheia blei områda foreslegne som nasjonalpark i nasjonalparkplanen (NOU 1986:13). Forvaltningsstyresmakta finn det difor riktig å ha ein relativt restriktiv haldning til omfattande skogdrift og nyrydding i området.

Det er ønskjeleg med jord- og skogsbruksdrift som fører til at støl-, beite- og slåttelandskapet blir haldt vedlike. Det skal i utgangspunktet gis dispensasjon til naudsynte landbrukstiltak som ikkje bryt med føremålet med vernet. Landbrukstiltak omfattar jord-, skog- og beitebruk, dessutan tradisjonelle utmarksnæringar som jakt, fangst og fiske.

Det skal opprettast eit rådgevande tilsynsutval med representantar frå grunneigarane i Vormedalsheia, landbruksstyresmaktene, Hjelmeland kommune og andre organisasjonar v/turistforeninga.

Tilsynsutvalet vil få ei viktig oppgåve i å avklare kva for eit nivå ein skal tillate på tilrettelegginga for friluftsliv i områda. Det bør opprettast eit nærare samarbeid gjennom tilsynsutvalet med grunneigarane og Stavanger turistforening når det gjeld hytter, rutenett og informasjon til turistane. Informasjon om områda bør ha som mål å medverka til at folk vert klar over og tek omsyn til natur og viltinteressene. Ein tilrår at det vert oppretta ei deltidsstilling tilknytta oppgåver innafør verneområda. Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområda at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko grunneigarane og kommunen har hovudansvaret for.

Det skal utarbeidast eit årleg handlingsprogram for områda, jfr. vedlegg VI.



## A. Generell skildring

### 2. INNLEIING

Vormedalsheia landskapsvernområde (120 km<sup>2</sup>) og Lusaheia landskapsvernområde (122 km<sup>2</sup>) blei oppretta ved kongelig resolusjon av 19.april 1991.

Føremålet med vernet av Vormedalsheia er "å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement". Vormedalsheia og Lusaheia er rekna for å vera av dei mest verneverdige fjellområda i Rogaland.

Vormovassdraget, som er ein vesentleg del av området, blei gjennom verneplan II for vassdrag varig verna mot kraftutbygging 30.oktober 1980. Det var i samband med verneplan II Stortinget forutsatte at også verneverdiane i nedbørssfeltet måtte sikrast.

Øyastølsmyra ligg innafor Vormedalsheia landskapsvernområde, og Øyastøl naturreservat blei oppretta ved kongelig resolusjon av 12.desember 1986.

Forvaltningsplanen omfattar Vormedalsheia landskapsvernområde. Tilgrensande område er omtala der det er naturleg av omsyn til verneføremålet og forvaltninga av villreinen. Forvaltningsplanen inneheld ei kortfatta skildring av verneområdet, med spesiell vekt på verneverdiane og opplysningar som er relevante for praktiseringa av verneforskriftene, tiltak og skjøtsel.

Forvaltningsplanen skal gi retningsliner for korleis forvaltningsstyresmakta vil handsame og vurdere ulike problemstillingar og tiltak som ein rekner som aktuelle. Planen er såleis ein reiskap som både skal fremme verneføremålet, og bidra til ei smidig forvaltning i landskapsvernområdet. Forvaltningsplanen skal i prinsippet omfatte alle aktuelle aktivitetar og tiltak i Vormedalsheia, og er ikkje ein sektorplan for landbruket.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskriftene er det, og vil såleis berre vera retningsgjevande for forvaltninga av landskapsvernområdet. Revidering av forvaltningsplanen skal skje når tilhøva i landskapsvernområdet krev det, og minst kvart 10.år. Her kan det vera aktuelt med ein mindre revisjon / ny handlingsplan kvart 4.år. Fleirbruksplanen for Setesdal vesthei - Ryfylkeheiane vil vera eit viktig dokument ved fyrste rullering av forvaltningsplanen.

Namnbruken i forvaltningsplanen kan virke forvirrande da det ikkje er samanfall mellom namnet slik det blir brukt lokalt og slik det blir brukt på landskapsvernområdet. Vormedalsheia er eit nytt namn som blir brukt om heia som høyrer til gardane i Vormedalen og på Fundingsland.

## 2.1. Landskapsvernområde som verneform

Lov av 19.juni 1970 nr. 63 om naturvern har følgjande føremålsparagraf:

"Naturen er en nasjonal verdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursene ut fra hensynet til den nære samhørighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden. Enhver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør bare foretas ut fra en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskelig virksomhet, helse og trivsel."

Landskapsvernområde er definert som følgjande:

"For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig."

Landskapsvern er den mildaste forma for områdevern etter naturvernlova. Landskapsvernområde er vern mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter". Dette er såleis eit mindre omfattande vern enn det som gjeld nasjonalpark. Landskapsvernogrepet stiller ikkje same krav om store område, urørt natur og statleg grunn. Det er godt eigna til bruk i store naturområde der ein ikkje treng så strenge vernereglar som i nasjonalparker eller naturreservat. For kulturlandskap, som til dels skal utnyttast økonomisk, er landskapsvernområde den einaste verneformen som kan nyttast etter naturvernloven. Landskapsvernområde kan også opprettast i tilknytning til kulturminne (Backer 1986).

## 2.2. Forvaltning av naturvernområde i Noreg

Til nå har norsk områdevernpolitikk for nasjonalparker og større verneområde gått ut på verne uten å leggje særleg vekt på forvaltning og skjøtsel. Forvaltninga har vore passiv og med vilje varsam på grunn av små økonomiske ressurser. Forvaltningsplanar for nasjonalparker og større verneområder har bakgrunn i ynskje om ein meir aktiv forvaltning og større differensiering både mellom verneområda og innafør kvart område.

Som ein lekk i å betre forvaltninga av større verneområde og nasjonalparker, har ei arbeidsgruppe nedsett av Direktoratet for naturforvaltning føreslege at alle større verneområde blir delt inn i soner, som har ulike målsettinger med omsyn til vern og bruk.

### 3. OMTALE AV VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE

#### 3.1. Geografisk plassering og eigedomstilhøve

Heile landskapsvernområdet ligg innafor Hjelmeland kommune i Rogaland. Området er dekket av følgjande kart i M711-serien: 1313 I Blåfjell, 1313 II Lysekammen, 1313 III Lyngsvatnet og 1313 IV Sand. Det meste av planområdet dekkast også av turkartet Suldal-Setesdalsheiane i målestokk 1:80000.

**Vormedalsheia landskapsvernområde** er avgrensa av Jøsenfjorden i nord og vassdraget gjennom Tengesdal og Norddalen i sør. I aust er landskapsvernområdet avgrensa av Grasdalen, Øvredalen og Stølsdalen. Vestgrensa går opp Oksagjuvet, langs nordbreidda av Djupadalsvatnet, Litlevikvatnet og Funningslandsvatnet, vidare i ein boge vest for Kaldavatnet, aust for Liarstølvatnet, nord for Liarstrandvatnet og Vassbotnvatnet, langs vestgrensa av Øyastølsmyra naturreservat, aust for Ritland, Kløv og Helgaland og ned til utlaupet av Helgalandselva.

**Stølsdalen - Grasdalen** ligg som ei korridor mellom Vormedalsheia og Lusaheia, og er ikkje tatt med i landskapsvernområda grunna dei omfattande inngrepa som har skjedd i samband med Ulla-Førre utbygginga. Området blir likevel omtalt i forvaltningsplanen da det naturleg høyrer ihop med området rundt, og ikkje utgjer noko sjølstendig område.

**Vormedalsheia landskapsvernområde** omfattar følgjande gards- og bruksnummer: 27/1, 28/8, 30/2,5, 32/1,3, 33/1, 34/1,2,3,5,7, 36/1,2, 37/1,2,3,4,5, 38/1,3,4,5,8,9,10,12,13, 39/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,14,15,16,17,20,22, 41/1,2,3,5,6,7,8,10,11,12,13,14,20,27, 42/1,2,3,4,5,6, 43/1,2, 44/1,2, 116/1,2, 117/1,3, 118/1,2.

Dalsida ned mot Jøsenfjorden høyrer til - frå Oksagjuvet til Førre - gardsnummer 27 Østerhus, 28 Vadla, 30 Hauge nedre og Hauge vestre, 32 Hauge øvre og 33 Segadal. I området Førre - Kvivatnet eig gardsnummer 34, bruksnummer 1 Førre, bnr. 2 og 3 Statkraft, bnr. 5 Førreheia og bnr. 7 Glommedalsheia. Gardsnummer 36 Vormeland eig området ved Verkvelvheia. Området Nordraheia - Kaldavatnet - Holmavatnet høyrer til gardsnummer 37 Fundingsland. Gnr. 38 Rødlende eig området sør for Hegnavatnet. Området nord for Fundingslandsvatnet, Kurvabrotet og Frigardsheia høyrer til gnr. 39 Tøtland. Ottestøl, Melands-Grønahei og delar av Rundemannsheia høyrer til gnr. 41 Meland. Eit område frå Øyastølsmyra over Bjørnabu og inn forbi Stropastølsvatnet høyrer til gnr. 42 Kleivaland. Gardsnummer 43 Ritland eig sørdelen av Øyastølsmyra, over Austmannshovudet, Storheia austre og Nov til Melands-Grønahei. Himraheia og Stutaryggen høyrer til gnr. 44 Helgaland. Området nord for Tusso høyrer til gnr. 116 Trodlatyssdal, området vidare oppover Norddalen høyrer til 117 Tengesdal. Det søraustre hjørnet av Vormedalsheia, delar av Rundemannsheia, høyrer til 118/1,2 Grasdalen, Storådalen og Futen sameige.

Vormedalsheia landskapsvernområde er variert da det strekkjer seg frå furuskog nede ved Jøsenfjorden, gjennom bjørkeskog ved stølane, til høgheia ved Fjellsenden og Brendeknuten. Området omfattar daldrag som Tengesdal, Djupadalen og Ottestøl - Kvanndal.



## 3.2. Verneverdiar

Verneverdiane i området er høge. Området er stort og samanhengande, svakt kulturpåvirka og utan større inngrep. Urørte og lite påvirka naturområde har ein eigenverdi og er ein del av vår nasjonale arv. Dessutan er urørt natur viktig å ta vare på for ettertida for:

- forskning/referanse
- å sikre eit representativt utval av naturområde med naturleg biologisk mangfald
- å gje trua, sårbare og andre verneverdige "kulturskye" dyr- og planteartar store nok område til å leve under naturlege tilhøve
- å gje grunnlag for rekreasjon i urørt natur
- å gje komande generasjonar høve til å prioritere arealbruk utifrå eige ønskje

Som utgangspunkt for Vormedalsheia landskapsvernområde kan ein ta Vormovassdraget som er varig verna mot kraftutbygging. Vassdraget er eit viktig landskapselement og utgjer eit sers verdifullt økosystem.

Området er rikt på geologiske verneverdiar. Ved Ritland finn ein det einaste fossilfunn i sørvest Noreg, med spor etter liv i havet frå tidlig kambrisk tid for 550 mill. år sidan. Trollgarden viser uvanleg godt Trollgarden-trinnet, som er eit viktig stadie i isavsmeltinga. Elles i Vikestølsheia - Helgaland - Melands-Grønahei er det ei variert berggrunn av sedimentære og metamorfe bergarter, tydelig utforma morenerygger, og erosjonsformer og løsmasser danna og avsatt ved isavsmeltinga.

Landskapet er variert med frodige stølsdalar, flate og blankskurte grunnfjellsområde med eit utal av vatn og store mengder flyttblokker, og dypt nedskorne dalar med loddrette fjellsider som ved Trodla-Tysdal og Djupadalen. Verneverdien til området er stor grunna tverrsnittet av naturtyper, frå furuskogen ved Jøsenfjorden til grunnfjellsplatået ved Melands-Grønahei.

Botanisk er området som heilskap ikkje godt nok kjend til at ein kan gi eit fullstendig oversyn over alle verneverdige førekomstar. Som typeområde kan ein likevel seie at Vormedalsheia er svært godt eigna, idet ein finn område med både sers rik og ytterst fattig vegetasjon. Korleis plantene er avhengig av berggrunnen kjem særleg tydelig fram i området, og den pedagogiske og vitskaplege verdien av området er høg. Vormedalsheia har ein særleg rik fjellflora med mange sjeldsynte plantar. Her veks norsk malurt, bergjunker, fjellnøkleblom, snømare, skredarve, fjellrublom, reinrose og fjellkveke. Bergjunker finst berre frå Vormedalsheia til Dyraheio i Ryfylke og i Sulitjelma. Norsk malurt finst i Vormedalsheia og Dovre - Trollheimen- området, i tillegg til Skottland og nord-Ural. Dei andre artane har her i Vormedalsheia si sørgrense i Noreg. Område som Øyastølsmyra, Austmannhovud-Skardhei-Storahei, Melands-Grønahei og Gråanibbå-Brendeknuten er rekna som spesielt interessante med omsyn til fjellplanter og myrer.

Vormedalsheia er spesielt verneverdig idet området representerer eit tverrsnitt av fuglelivet i indre Ryfylke. Dei aller fleste fuglesamfunn som finst i regionen er representert. Området er difor av svært stor pedagogisk og vitskapleg interesse.

Kulturlandskapet og kulturminna representerer også viktige verneverdiar. Desse verdiane er særleg framtrudande i Vormedalsheia. I dei frodige stølsområda finn ein stølssel og løer der fleire er godt vedlikehaldne. Kulturlandskapet er prega av stølsdrift og skapar variasjon og kontrast til det urørte naturlandskapet. Desse ulike og varierte landskapstypene er det viktig å ta vare på gjennom ei fortsatt utnytting av området.

### 3.3. Naturforhold

#### 3.3.1. Geologi og landskap

Fjellgrunnen i Vormedalsheia er prega av ein klar tredeling av bergartene, noko som er typisk for dei nordaustre delane av Ryfylke. Denne tredelingen kjem tydeleg til uttrykk i dei karakteristiske fjellsidene i området, til dømes i området Kleivaland-Kvanndal og på austsida av Øyastølsmyra.

Underst ligg grunnfjellet som pregar det meste av Ryfylkeheiane. Grunnfjellet er stort sett samansett av næringsfattige gneisar og granittar som forvitrer langsamt og gir dårleg jordsmonn. I slutten av jordas urtid (prekambrium, ca. 600 mill. år sidan) blei grunnfjellet tært ned av naturkreftene til ein relativt flat slette, det subkambriske peneplan.

Peneplanet blei oversvømma av havet i jordas oldtid (kambrium, ordovicium og silur, ca. 600-400 mill. år sidan). Oppå grunnfjellet blei det avsett lausmasser som seinere blei omdanna til bergartar. Desse finn vi i dag att som sandstein og fylitt og som konglomerater ved Stråpastøl og Ritland. Dei fleste stader i Ryfylke er desse kambrosilurske bergartane omdanna av trykk og temperatur slik at ein ikkje kan finne fossile plante- og dyrerester. Den einaste staden i Rogaland der ein kan finne fossiler er i fylitten aust for Ritland. Dei kambrosilurske bergartane har høgt innhald av næringssalter, forvitrer lett og gir eit godt jordsmonn.

Under den kaledonske fjellkjedefoldinga som skjedde for ca. 395 mill. år sidan, blei store grunnfjellsflak pressa opp og skove over dei yngre kambrosilurske bergartane. Desse flaka blei omdanna til gneisar og kvartsittar under foldinga, som på same vis som grunnfjellet forvitrer seint.

Det ein finn att av skiferbergartane og skyvedekket i dag etter millionar av år med erosjon, har oftast form av såter oppå grunnfjellsplatået, med bratte kantar og velutvikla urer. Såteformen får dei fordi erosjonen foregår raskare i skiferbergartane enn i skyvedekket som ligg som eit beskyttande lag oppå. Denne lagdelinga ser ein tydeleg ved blant anna Vassbotnvatnet og Bjørnabu.

I kvartærtida (dei siste 1,5 mill.år) har landskapet blitt omdanna radikalt. Denne perioden har vore prega av ein serie istider. Mange markerte landskapsformer som i dag pregar landskapet, blei danna under og like etter den siste istid (ca. 70.000-8.000 år sidan).

Isens arbeid har ført til at det meste av høgfjellsplatået er eit snauslipt, bortimot vegetasjonslaust landskap.

I dei små forsenkningane som blei danna har det samla seg vatn. Eit typisk trekk for høgfjellsplatået i Ryfylke, er alle desse vatna og pyttane som ein finn i Vormedalsheia og Lusaheia.

Isen har vidare skore ut eit system av dalar i grunnfjellsplatået som stort sett følgjer sprekksonene. Der sprekkssystemene har gått parallelt med retningen isbreen har bevega seg i, har erosjonen vore spesielt kraftig. Jøsenfjorden, Tysdal-Norddal, Djupadalen og Kvanndalen er typiske døme på den enorme evna isen har til å erodere.

Det er også mange døme på landskapsformer som blei danna da isbreen smelta for 6.000-10.000 år sidan. Grusrygger frå Ra-tida finn ein blant anna ved Vassbotnvatnet, nord for Vikestølsheia og på Storheia. Etter Ra-perioden gjorde isen eit nytt framstøt for omlag 6000 år sidan. Det nye stadiet vart kalla Trollgarden-trinnet. Den mektige Trollgarden, som ligg aust i Vormedalsheia, er ein imponerande fleire km lang og opptil 7m høg skarp morenerygg, som består av steinblokker som varierer i storleik frå ein fotball til eit hus.

Smeltevatnet frå isen og elvene har fortsatt å erodere der breen byrja. Lausmassar har blitt frakta og avsatt av elvene, terrasser og delta har blitt danna. Den elveerosjonen som har skjedd etter istiden har ikkje makta å endre dei store formene og dominerande landskapstrekka i området. Likevel har elvene sett sitt preg på landskapet, som til dømes elvegjel nedafor Stropastølsvatnet og Vassbotnvatnet, og elvevifter ved Bjørnabu og Øyastøl.



### 3.3.2. Vegetasjon

Kjennskapen til floraen varierer sterkt for dei ulike delområda. Myrene og fjellplantene i dei sentrale delar av Vormedalsheia er godt kjende. For resten av Vormedalsheia er kjennskapen middels, mens det er dårleg for Lusaheia og Djupedalen-Tysdalen-Norddalen.

Skog er utbreidd i den vestre halvdel av Vormedalsheia.

Skogvegetasjonen består for det meste av lyngfuruskog og bjørkeskog. Den grunnlendte, fattigste furuskogen er open, lågvaksen, fuktig og rik på mose, og artar som røsslyng og blokkebær dominerar. På relativt tørre morener som t.d. ned mot Kleivaland, veks betre, høgvokst furuskog der blåbær dominerar, saman med artar som einstape og blåtopp.

I fuktige bakliar og stader med sigevatn dominerar bjørk. Slike bjørkelier er fint utvikla vest for Øyastølsmyra. Den fattigaste utforminga dekkar dei slakare delane av lia. Blåbær dominerer, men planter som frytle, skrubbær, linnea og fugletegl er vanlege. I tresjiktet veks spreidde furutre. I noko brattare parti er tilførsel på sigevatn større, og gauksyre, hengeveng og skogburkne kjem inn i tillegg.

I nokre sig finn ein rikare bjørkeskog med artar som skogstorkenebb, kvitbladtistel, skogfiol og jordbær. Ned mot myra er denne bjørkeskogen sterkt beitepåverka og grasrik, med innslag av gråor i tresjiktet. Her finn ein også busker av lappvier og sølvvier. Dette gjev skogen eit svakt subalpint preg som ein sjelden finn i Rogaland. Aust for Øyastølsmyra finn ein liknande grasrike bjørkeskoger.

Edellauvskog finn ein berre i små bestandar, mellom anna i lia mot Jøsenfjorden og ved Trodla-Tysdal.

Skogsområda er oppbrotne av heiar, for ein stor del fuktheiar med klokkeling, bjønnskjegg, rome, heisiv, blåtopp og røsslyng. Men røsslyng-blokkebærheiar er også vanleg, og på ryggane inngår det gjerne rypebær og greplyng.

Barskoggrensa ligg i overkant av 500 m.o.h., mens fjellbjørkeskogen strekk seg eit par hundre meter høgare.

Vegetasjon og flora på grunnfjellsområda er fattig, men svært vanleg for Ryfylkeheiane. Ulike artar av lyng, gras og halvgras dominerer. I dei høgareliggande fjellområda er store fjellparti så godt som vegetasjonslause. Dette gjeld mellom anna dei austlegaste delane av Vormedalsheia.

I sterk kontrast til dei blankskurte områda, står vegetasjonen på område med skifer i berggrunnen. Denne kontrasten er ekstra tydeleg på Melands-Grønnahei, der eit større område er dekket av eit tynt skiferdekke som grensar opp til grunnfjellet. På skifergrunnen finn vi eit samanhengande grønt vegetasjonsdekke, mens grunnfjellsområda er blankskurt berg.

Det er knytta særskild interesse til vegetasjonen i dei bratte skifersonane og rasmarkene under. Særleg gode område finn ein ved Skardshei og Storhei. Her finn ein svært rik fjellflora med mange sjeldsynte plantar. Her veks norsk malurt, fjellnøkleblom, snømare, fjellrublom og skredarve. Bergjunker veks på nokre lokaliteter ved Gråanibba og Brendeknutene aust i Vormedalsheia. Fleire av desse artane har her si sørgrense i Noreg. At ein finn strandkjempe her som elles stort sett veks i strandsona i ytre kyststrok, fortel at området har oseanisk klima.

Området er rikt på myrer, spesielt dei vestligaste delane av Vormedalsheia. I samband med utarbeidinga av verneplan for myrer i Rogaland, blei ein del myrer i området nærare undersøkte. Dette gjeld Øyastølsmyra - som i dag er eige naturreservat - myrene ved Vassbotnvatnet og Bjørnabu, og på Melands-Grønahei. Det aller meste av myrene i Rogaland er fattige jordvatnmyrer. Områda ved Øyastøl har soner av kambrosilurske bergartar som er lite omdanna, og fylittiskifrane har høgt næringsinnhald.

### 3.3.3. Fugle- og dyreliv

*Aure* er utbreidd i området, og vatna er ofte svært fiskerike. *Ål* finnast i Vormovassdraget. Hjelmeland Setjefisklag driv utfisking i overbefolka vatn. Laks går eit stykkje opp i Vormo. Røye finn ein i nokre fjellvatn.

Av reptiler og amfibier er *frosk*, *stålorm* og *hoggorm* påvist i Vormedalsheia.

#### FUGL

Når det gjeld fuglelivet varierar kjennskapen frå del til del av områda. Totalt er 83 artar påvist i områda, dei aller fleste som hekkefuglar.

#### Vatnfugl

Av ender er berre *brunnakke* påvist, men det er truleg at *stokkand* og *krikkand* hekkar i dei vestlege deler av Vormedalsheia. *Storlom* er funne hekkande i området.

#### Rovfugl og ugler

Til tross for at området ikkje er undersøkt i gode smånagerår, tyder det på at det er godt om rovfugl i området, særleg i Vormedalsheia. I dei bratte fjellsidene hekkar *kongeørn* år om anna. Av andre rovfugl som ofte hekkar i klipper, førekjem *fjellvåken* i smånagarår. Denne arten er også observert i Storådalen. *Hønsehauk* er påvist i typiske hekkebiotop, storvokst furuskog, i Vormedalen, og han hekkar truleg også i den nordvestre del av Vormedalsheia. *Kattugla* skal vera vanleg i Vormedalen, og hekkar truleg også ved Helgaland og Trodla-Tysdal. *Hubro* er funnet på fire lokaliteter, og det er realistisk å rekne med ca. 5-6 hekkande par.

## Hønsfugl

Den storvaksne furuskogen rundt Vormedalen er ein typisk hekkebiotop for *storfugl*, og han er også påvist i området sjølv om ingen spellassar er kjend. *Orrfugl* er relativt vanleg i dei vestre delane av Vormedalsheia, mens dei austlege delane samt Lusaheia er viktige produksjonsområde for *rype*, særleg *fjellrype*. Blokkrike grunnfjellsflater tykkjer å vera gunstige for fjellrypa, og denne biotoptypen er utbredt i området.

## Vadefugl

Vadefuglfaunaen i området er relativt rik til å vera i Ryfylke. *Tjeld* og *vipe* hekkar i kulturlandskapet, mens *strandnipe*, *rugde* og *enkeltbekkasin* hekkar på eigna stader i skogsområda og lågheia. På høgfjellet hekkar *rødstilk*, *heilo* og *fjøreplytt*, dei to siste i relativt tette bestandar. Særleg ser Melands-Grønhei å peike seg ut som eit viktig hekkeområde for vadefugl.

## Spetter

Denne sårbare gruppa er representert med *vendehals*, *flaggspett* og *dvergspett*, der vendehals er den mest vanlege. Spesielt interessant er funnet av flaggspett i typiske hekkebiotop i Vormedal, da denne arten hekkar svært fåtalig i Rogaland.

## Spurvfugl

Denne gruppa er representert med ca. 50 artar i området, og omfatter dei fleste typiske hekkeartane for Ryfylke såvel som ein del sjeldnare artar. Av artar som hekkar i området finn ein bl.a. *sandsvale*, *tornskate*, *gulsanger*, *møller*, *toppmeis*, *furukorsnebb*, *sivspurv*, *snøspurv* og *blåstrupe* (Fylkesmannen i Rogaland 1986).

## HJORTEDYR

Alle dei fire norske hjortedyrartane førekjem i Vormedalsheia. *Hjorten* har kalvingsområde og sommerbeite ved Nordstølshei og er observert i Kvanndal og ved Stakkstøl. *Hjorten* oppheld seg stadig meir i heia. *Rådyr* har heilårsområde utafor landskapsvernområdet, med vinter- og vårbeite langs Risåna og mellom Vormo og Tøtland, men er observert heilt inne ved Trollgarden.

Av *elg* er det ein fast stamme i dei vestlege deler av Vormedalsheia. Elgen har heilårsområde og kalvingsplass nord for Fundingslandsvatnet og er observert ved Kvanndal og Stakkstøl. Utafor verneområdet nordvest for Vikestølheia har elgen heilårsområde, aust og sør for Nordstølheia er det kalvingsområde og vinterbeite. Elgen har trekkerte over Nordrahei og Nonsknuten og øvst i Bulia ned mot Jøsenfjorden. Streifdyr av elg finn ein også i høgfjellsområda med trekk over og på begge sider av Skardheia, gjennom Austmannsskardet og ut mot Djupadalen. Vidare går trekket sør for Nov og austover heia langs Djupadalen og Stutadalen. Elgen har også eit trekk over Lusaheia til Setesdal.



## **Villreinen sin bruk av området**

Ein del av fostringsflokkane som går aust for Blåsjø- og Svartevassmagasinet om sommaren og hausten, trekkjer vestover mot Lusaheia, Vormedalsheia og Årdalsheiane på vinterbeite i januar og februar alt etter kor mykje snø og nedising det er austpå. Før Blåsjø-utbygginga kunne det vera 5-600 dyr berre i Vormedalsheia, under og etter har det vore klart mindre, heilt ned mot 2-300 dyr. Ein tilsvarande trend hadde ein for områda vest for Nilsebuvatnet. Ein har dei to siste åra registrert ein viss oppgang igjen, og det er håp om at dette kan halde fram. Dyra står i desse områda fram til april-mai. Då dreg dei attende til kalvingsplassane aust for Blåsjø- og Svartevassmagasinet, berre ein del mindre bukkeflokkar og nokre simler vert att til hausten.

### **Vormedalsheia**

Vormedalsheia ligg i utkanten av dei sentrale villreinområda, men er ikkje mindre viktig av den grunn. Villrein trekk heilt ned til bjørkeliane vest i Vormedalshei når det er mykje snø. Vormedalsheia er såleis eit viktig vinterbeiteområde. Ungbukkar er observert ved Svortetjønn, og i området rundt Stropastøl har eit par simler kalva dei siste åra (1990/91). I området Melands-Grønaheia - Rundemannsheia er det sommarbeite og det går bukkar her.

## **ROVDYR**

Av rovdyr er *rødrev* og *mår* vanlege. *Jerv* førekjem truleg som streifdyr i Lusaheia. Fleire smånagerartar og mindre mårstyr finst i området, men førekomsten er ikkje kartlagt.

### 3.4. Kulturhistorie

I Vormedalsheia har det ikkje vore funne nokre fornminner (kulturminne frå før 1537), noko som skuldast at det ikkje har vore gjort registreringar i området. Men truleg vil det vera spor etter fortidas menneske også her som i Lusaheia.

Vormedalsheia er rik på kulturminner. Rett utafor landskapsvernområde ligg ei rekke gardar. Ved Øvre Tysdalsvatn ligg Trodla-Tysdal kor det bur folk i dag. Det har vore fleire husmannsplassar under Trodla-Tysdal. Innafor verneområdet på nordsida av Tusso ser ein tufter etter husmannsplassen Grovene. Det som var innmarka til Grovene er inngjerda av steingardar som delvis er oppmurt innimellom store rasblokker. Midtvegs opp i Norddalen ligg garden Tengesdal som blei fråflytta på slutten av 1800-talet. Frå Trodla-Tysdal og opp til Tengedalsvatnet går det ein gamal veg. Veggen blei rydda og oppmurt omkring 1820 og er fortsatt godt synleg.

Sørvest for Vormedalsheia ligg tre gardar, Kløv, Helgaland og Ritland. Gardane blei fråflytta cirka 1960. Desse gardane er viktige element i kulturlandskapet og har påverka og forma landskapet rundt.

På sørsida av Jøsenfjorden finn ein spor etter husmannsplassane Gåsnes og Galgehaugen. På Gåsnes har det vore husmannsplass og ein finn spor etter utløe. Ved Følekammene ser ein fortsatt tufter etter husmannsplassen. På nordsida av Fundingslandsvatnet lå husmannsplassane Holmen og Sandvika.

Søraust av Fundingsland og Vikestølsheia har det vore ei rekke stølar, Sandvika, Jonsstøl, Torsstøl, Bjørndalen, Øyestøl, Stakkstølen, Vasstølen, Skithol, Fjellsenden, Kvanndal, Gjotastig, Ottestøl, Bjørnabu, Stropastøl, Raudkleiv og Krostøl.

Jonsstøl og Torsstøl har vore stølsplass for Fundingsland. På Torsstøl blei det slutt på stølinga rundt århundreskiftet. Hytta ved Torstøl er bygd i 30-åra på same plassen som det var stølshus. På Jonsstøl veit ein ikkje om det har vore støla, men ein finn rydningsrøyser her. Det er ingen spor etter gamle tomter, og hytta som står her i dag blei bygd på slutten av siste verdskrig. På Nordaheia finn ein spor etter 2 løer. To bruk, Skårane og Kalvehagen, delte beite på Nordaheia og hadde kvar sin utslått. Skårane som blei bebodd lengst, blei fråflytta for 80 år sidan. I Bjørndalen var det støl for Fundingsland. Ved Vasstøl har det vore ein støl, og ved Stakkstøl har det vore stølar, 5-6 løer og stakkerplasser. Ved Vasstøl og Stakkstøl står det bygningar i dag.

I området rundt Vassbotnvatnet og Liarstrandvatnet har det vore 10-12 utløer, og støl ved Ottestøl og Kvanndal. Ved Ottestøl, Vassbotnen, Botnen og Kvanndal står det bygningar i dag. Stølinga vart nedtrappa på byrjinga av 1900-talet og var for det meste avvila etter andre verdskrige. Nokre gardar har hatt vår- og sommarstøl. Meland hadde sommarstøl ved Gjotastig og Fjellsenden, Tøtland ved Skitholtjørna, Kleivaland ved Stropastøl og Ritland ved Raudkleiv. Ved Bjørnabu, Stropastøl og Raudkleiv står det bygningar i dag. Lauv og lyng har vore sankar som tilleggsfôr.

### 3.5. Bruk av området i dag

Heia er viktig som beite for sau og næringsgrunnlag for villrein. Vormedalsheia er eit viktig område for storvilt- og småviltjakt.

Vormedalsheia blir brukt til friluftsliv, og det ligg ei turistforeningshytte innafor området, Melands-Grønahei. Eidavatn ligg i Lusaheia. Grasdalen, Nilsebu, Litle Aurådalen og Storsteinen ligg utafor verneområda, men er del av løypenettet i landskapsvernområda. I tillegg til overnatting på hyttene, kjem telting langs dalføra.

Hytte	Overnattinger 1990 - 1991					
	Vinter		Sommar		Total	
	1990	1991	1990	1991	1990	1991
Eidavatn	45	28	167	189	212	217
Grasdalen	0	11	103	168	103	179
Litle Aurådalen	14	72	103	155	117	227
Melands-Grønahei	18	97	522	486	540	583
Nilsebu	23	46	815	688	838	734
Storsteinen	116	164	488	493	604	657

Kilde: Stavanger Turistforenings årbok 1991

Det beiter sau i heile området. På sørsida av Jøsenfjorden går ca. 20 sauer på beite som blir frakta over frå Vadla. Her går det truleg også geiter som har forvilla seg.

Skogsdrift blir drive i dei lågareliggende stroka i Vormedalsheia. På Fundingsland, Kleivaland og Ritland er det plantefelt med norsk gran, sitka, norsk furu og contorta innafor landskapsvernområdet. Av granplantefelt har bnr. 2 Kleivaland cirka 20 dekar, Ritland ca 30 daa og Fundingslandsgardane 4 plantefelt ved Kaldavatnet. Av naturskog har bnr. 1 Kleivaland ca 170 daa bjørkeskog, Kleivaland bnr. 2 har ca 40 daa bjørk og ca 35 daa bjørk/furu og Ritland ca 200 daa bjørk. Meland gnr. 41 har tilsaman ca.1600 daa, i hovudsak bjørkeskog innafor landskapsvernområdet. På nordsida av Fundingslandsvatnet er det betydelige areal med furu- og bjørkeskog.

For å få ut furu og planta gran ved Kaldavatnet og bjørkeskog ved Ottestøl ynskjer grunneigarane å få planere eller lage traktorveg for å koma fram på vinterføre. Det same gjeld veg over Lendingsåna og inn til Nordstølhei.

Ved Ottestølsmyra har Meland eit areal på 400 daa. Ved Øyastølsmyra har Kleivaland bnr. 2 ca. 70 daa myr klassifisert som god dyrkningsjord og ca. 50 daa dyrkningsjord innafor landskapsvernområdet. Ritland har ca. 90 daa myr og 60 daa fastmark innafor naturreservatet. Etter vern er det ikkje aktuelt med oppdyrking eller gjødsling av desse myrene. Ved Ottestøl og Bjørnabu kan der vera aktuelt med visse beiteforbetringstiltak. Ved Lølia er det i dag eit område som er kalka og som årleg vert gjødsla.

I Vormedalsheia finn ein hytter og stølshus i vestre delar av lågheia frå Jonsstøl og Torsstøl i nord, til Bjørnabu, Raudkleiv og Djupadalen i sør. I alt er det omlag 20 gardshytter i området, dei fleste ligg ved gamle stølar. Stølsområda er i ferd med å gro att da det ikkje blir støla lenger og beitepresset er lågare. Men stølshusa blir stort sett haldne ved like. På Stropastøl er det gjenreist to stølshus og på Bjørnabu eit i gamal stil.

Det er noko interesse for bygging og salg av hytter eller utleiehytter. Frå gamalt av har gardane hatt inntekter av bygselsavgiften, byggearbeid, transport, salg av ved osv. Av hytter innafor landskapsvernområde som er eigd av folk utanfrå bygda finn ein i dag 3 ved Fundingslandsvatnet, to ved Kaldavatnet, fire ved Stakkstøl, ei hytte på Bjørnabu og ei på Stropastøl. To hytter på nordsida av Hegnavatnet, ei hytte ved Vasstølsosen og ei i Bjønnes på austsida av Holmavatnet er eigd av folk frå bygda.

I 1989 flytta nye folk inn til Trodla-Tysdal, som blei fråflytta i 1979. Dei nye eigarane har i 1992 søkt om byggeløyve for ei turisthytte innafor landskapsvernområdet. Hytte er planlagt med 8 sengeplassar og skal settast opp på ei gammal hustuft etter husmannsplassen Grovene. Seinare kan det vera aktuelt å søke om byggeløyve for ei hytte til på same plassen og same storleik. Grunneigaren har óg ønskje om å plante furu på eit 5 dekar stort område på nordsida av Tusso. Det er ikkje veg til garden. Om vinteren kan båttrafikk på Øvre Tysdalsvatnet bli hindra av is eller flom og vind. Difor ønskjer grunneigaren ei opning i høve til verneforskrift/-grense som gjer det mogleg å bygge veg til garden dersom det skulle bli aktuelt i framtida.

Vatna i Vormedalsheia er fiskerike med eit verdifullt aurefiske. Småviltjakt vert dreve over heile området, ikkje berre der det vert seldt kort. Det blir solgt kort for småviltjakt for Melandsheia, Stutaheia og området mellom Kvivatnet og Brendeknuten ut mot Stølsdalen. Innafor Vormedalsheia er det 5 villreinvald. I tillegg til villrein vert det også jakta på elg, hjort og rådyr innafor området.



### 3.6. Inngrep

Ein traktorveg går frå Mæland inn til vestkanten av myra ved Ottestøl, og ein vegbit er bygd på andre sida av elva ved Ottestølsmyra inn mot Bjørnabu.

Vassdragsinngrep er gjort i Kvivatnet som blir tappa, og vatnet overført til Stølsdalen. Bekken frå Kvivatn mot Jøsenfjorden er tørrlagt. Vetrungsåna, som rann ned i Stutadalen, blir ført over til Høyverstjørn, noko som fører til mindre vassføring i Helgalandsåna.

#### GRASDALEN

I Stølsdalen - Grasdalen er Vassbottvatnet regulert, det går to kraftliner i dalen og veg frå Førre til Glommedal. Bjørndalsvatnet er regulert, ca. 3km nedanfor Gamlestølsvatnet, ved "Fossen", er elva lagt i tunnel, noko som fører til at elva og Futevatnet er tørrlagt. Kroåna, Futebekken og Brokåna er lagt i tunnel og dermed tørrlagt. Desse vatna og elvene ligg utafor landskapsvernområda, men inngrepa fører til redusert vassføring i Nordalsåna/Tengesdalsåna.

Alle desse vassdragsinngrepa gjorde at området ikkje blei tatt med som landskapsvernområde. Likefullt er området viktig for villreintrekket mellom Vormedalsheia og Lusaheia.

## B. Forvaltning av Vormedalsheia landskapsvernområde

### 4. MÅL, PROBLEMSTILLINGAR OG STRATEGIAR

#### 4.1. Mål for forvaltning av landskapsvernområde i Noreg

Hovudføremålet med landskapsvernområde er å "bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap", og å verne mot tiltak som "vesentlig kan endre landskapets art eller karakter" (naturvernlova § 3).

Dei landskapsvernområda som er oppretta, omfattar eit vidt spekter av naturtyper - utan at dette er skjedd etter eit systematisk opplegg. Motiva bak utlegginga til landskapsvernområde er som regel samansette. Ved sida av reint estetiske omsyn kan m.a. vitenskaplege omsyn spele ei rolle, likeins omsyn til friluftslivet. Også historiske grunnar kan ligge bak (Backer 1986).

Landskapsvernområda i Noreg er ulike med omsyn til kor urørte dei er, kulturpåverknad, tilgjenge, topografi, dyre- og planteliv m.m. Skilnaden mellom landskapsvernområda, og målet om at kvart verneområde bør forvaltast ut frå føreliggjande verne- og brukarinteresser, gjer at dei kan verte forvalta ulikt.

Hovudmålet for forvaltninga av landskapsvernområda må vera:

- å gje vern for landskapsbilete som ein heilskap
- at igangverande utnytting som ikkje strir mot verneføremålet kan halde fram

På bakgrunn av landformer og vegetasjon kan ein skille mellom ulike landskapstyper. Også andre komponentar, ikkje minst tilknytning til vatn og kulturpåverknad, spelar ei rolle for inndelingen i landskapstyper. Frå naturens side er Noreg utstyrt med eit variert utval av landskapstyper, og ulike former for kulturpåverknad gjennom tidene har bidratt med å auke mangfoldet ytterlegare. Samstundes er det visse landskapstyper som kan reknast som karakteristiske eller representative for dei ulike regionane (Backer 1986).

Vi er i dag i situasjonen at fleire landskapstyper står i fare for å forsvinne. Ein av årsakene er at driftsformer som landskapstypen er betinga av blir forlata, td. støling, slått, lauving. Eller at landskapstypen er utsatt for endring gjennom nye former for kulturpåverknad, enten det skuldast meir intensivt landbruk eller tekniske inngrep (Backer 1986).

Kulturhistorisk representerer det eit tap om vi mister landskapstyper som tidlegare var utbreidd. Variasjon i landskapet er ein viktig føresetnad for rike opplevingar. Økologisk kan tidlegare landskapstyper prega av variasjon i utforming og vegetasjon vera rikare på artar og meir stabile enn einsarta bestandar som blir skapt gjennom moderne driftsmåter.

Det er derfor aukande trong for å verne landskapstyper. I mange tilfelle kan det skje gjennom nasjonalparker og naturreservat. Særleg der det er snakk om kulturpåvirka natur eller område kor det er ein føresetnad med ein viss næringsdrift, kan formen landskapsvernområde vera den beste (Backer 1986).

✓ Verneforma landskapsvernområde skal i utgangspunktet tillate drift av jord- eller skogbruk ~~etter tidsmessige driftsmetoder~~ så lenge rimelege estetiske omsyn blir tatt til landskapet i samband med slik drift, og drifta lét seg sameine med verneføremålet.

Det er ønskjeleg å halde på ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og hogst i landskapsvernområde for å unngå tilgroing eller andre uønska endringar i landskapsbiletet.

Skjøtselstiltaka frå forvaltningsstyresmakta si side kan ikkje gå vesentleg lenger enn det som er naudsynt for å halde oppe naturtilstanden eller landskapsbiletet på fredningstidspunktet. Forvaltningsstyresmakta har til ein viss grad heimel til å reversere ein naturleg prosess, men kan ikkje skape heilt nye miljøer.

Tekniske inngrep skal vanlegvis ikkje finne stad i eit landskapsvernområde, eller dei må i alle fall vera så beskjedne at dei ikkje endrar landskapsbiletet.

Det må i vurderinga bli tatt omsyn til kva slags inngrepstype det er snakk om, omfanget av inngrepet, om inngrepet er skjemmende i forhold til miljøet på staden og om inngrepet vil gi uheldige langtidsverknader på miljøet rundt.

Gamle bygningar og anlegg særleg knytta til stølsbruk og jakt/fiske, samt ferdselsårer, kan vera viktige tilleggsmotiv for å oppretta landskapsvernområde. Men kulturminna må til ein viss grad prega landskapskarakteren, for at landskapsvernreglane skal trygga dei. Andre verneformer etter naturvernloven gir ikkje heimel til særskild vern og skjøtsel av kulturminne. Vern av bygningsmiljø må skje etter kulturminneloven eller ved regulering til antikvarisk spesialområde etter plan- og bygningslova.

Eit landskapsvern inneber ikkje noe direkte vern av dyrelivet utover det generelle vernet i viltlova. Eit landskapsvern sikrar hovudtrekket i landskapet, vernar mot uheldige inngrep og sikrer såleis grunnlaget for dyrelivet. Eit vern av landskapet er til fordel for fiske ved at det sikrar vatn og vassdrag utan inngrep.

## 4.2. Mål for forvaltninga av Vormedalsheia landskapsvernområde

Forvaltninga skal fremje verneføremåla for det enkelte landskapsvernområde. Dette er gjevne i verneforskriftene. I forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde heiter det:

"Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement".

Det er eit mål for forvaltninga av verneområda å ta vare på det som kjenneteiknar desse naturområda, og spesielt sikre følgjande kvalitetar:

### a) store samanhengande område med urørt natur eller svakt kulturpåvirka natur

Eit felles mål for begge landskapsvernområda er å halde dei mest mogleg fri for tekniske inngrep. Regulerte vatn og elver, kraftliner, vegar og hytter vil ofte vera forstyrrende i landskapet. Derfor er det viktig å ta vare på det som er att av fjellområde utan tekniske inngrep.

Ein stor del av heiområdet Setesdal-Ryfylke har etter ei lang rekkje større og mindre inngrep mista sitt preg av villmark. Vi sit att med om lag 500 km<sup>2</sup> eller snautt 10 % av heiområdet som ligg minst 5 km frå regulert vatn/vassdrag, veg eller kraftledning. Dei fleste inngrepa har skjedd etter 1955, då meir enn 3000 km<sup>2</sup> låg meir enn 5 km frå tekniske inngrep.

### b) variasjonen i natur- og landskapstyper, med rik berggrunns- og kvartærgeologi, sjeldsynte planter og eit rikt planteliv

I hovudsak er heiområdet eit variert naturlandskap, frå fjord til høghei, med svak kulturpåverknad gjennom beiting. I lågheia finn ein døme på kulturprega landskap med spor etter støling og hogst.

Geologien i form av spanande berggrunn og kvartærgeologiske former er kanskje mindre trua av øydelegging, men må ikkje bli utsatt for t.d. landskapsinngrep eller omfattande plukking og samling av stein. Det er viktig å sikra det sjeldsynte og rike plantelivet fra uvettig plukking og slitasje.

### c) leveområda for viltet

Bjørkebeltet og rike beiteområde i heiane er døme på område som har høg verdi for viltet og som sauebeite. Med bakgrunn i at store verdifulle produksjonsområde er demd ned og at store delar av området er snaufjell, er det særleg viktig å ta vare på dei gjenverande gode produksjonsområda.



Likeins er det viktig at rovfugl får hekke i fred og at reinen ikkje blir hindra frå å trekkje eller uroa i samband med kalving.

Områda er ein viktig del av det sørlegaste villreinområdet i Europa og eit av dei mest kystpåverka villreinområda på fastlandet i Noreg.

#### **d) gode høve til friluftsliv, landbruk, jakt og fiske**

Det er eit mål å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Det er eit mål at motorkøyring i utmark ikkje skal auke.

Det er eit mål å kombinere ein moderne næringsutnytting med vern av heiområdet. Det er ønskjeleg å utvikle heiområdet som ein ressurs ved at det blir satsa på former for moderne utmarksnæring og turisme som ikkje strir mot føremålet med vernet. Utviklinga av turisme og reiseliv vil bygge på turistar som søker naturopplevingar og vera knytta til nettet av turløyper i heia. Urørt natur vil såleis vera ein viktig ressurs i tida framover. Ei utvikling av hei- og stølsområda bør leggje til grunn miljømål slik at ein sikrar grunnlaget for komande generasjonar.

Jakt og fiske kan halde fram som i dag.

Spesielt for Vormedalsheia:

- det er eit mål å ta vare på den store variasjonen i natur- og landskapstyper, spesielt det rike plantelivet
- det er eit mål å behalde kulturpåverknaden og landbruksdrifta
- det er eit mål at friluftsliv skal kunne utøvast og turisthytter og turløyper nyttast, samstundes som ein tek omsyn til beitedyr og viltet
- det er eit mål å beholde området som eit randområde for villreinstammen, særleg som vinterbeite, men òg som sommarbeite for bukkeflokkar

### 4.3. Problemstillingar og utfordringar knytta til forvaltninga av området

Med omsyn til naturen ligg hovudutfordringa i å halde på den naturlege tilstanden i landskapsvernområdet. Ein må redusere dei problema ein har i dag, og førebygge framtidige skader. Om mogleg må ein restaurere skader som ein har i dag.

Miljøproblema kan delast i:

- dei som skuldast tilhøve utanfor Vormedalsheia landskapsvernområde (t.d. sur nedbør og radioaktivt nedfall)
- dei som skuldast menneskelege aktivitetar og inngrep i verneområdet (utbygging, uroing, motorstøy, slitasje, forsøpling m.m.)

Dei førstnemnde problema kan berre løysast utafor verneområdet. Då naturen i stor grad er urørt, burde området gje eit godt grunnlag for dokumentasjon av langtransportert forureining.

Andre problem kan i stor grad løysast i og kring landskapsvernområdet. Utfordringa ligg i at menneskeleg bruk må vera tilpassa naturmiljøet.

I arbeidet med ein forvaltningsplan bør ein gripe fatt i følgjande fem hovud-utfordringar:

- sikre samanhengen i området
- forholdet mellom friluftsliv og vern
- forholdet mellom landbruk/næringsmessig bruk og vern
- konflikhtar mellom inngrep og vilt
- konflikhtar mellom ferdsel og vilt

For å sikre samanhengen i området blir utfordringa å ta omsyn til kva slags inngrepstype det er snakk om. Inngrepet må vurderast ut frå omfang, kor skjemmaende det er i forhold til miljøet på staden og om det vil gi uheldige langtidsverknader på miljøet rundt. Konsekvensane av eit inngrep skal bli vurdert i forhold til heile landskapsvernområdet sett i samanheng, også områda rundt.

For friluftslivet ligg hovudutfordringa i at all ferdsel må vera så "sporlaus" som mogleg og gje høve til gode naturopplevingar for dei som vil ferdest i heiområda.

Reiseliv innafør området må ta utgangspunkt i at det er et landskapsvernområde. Utfordringa blir å utforme eit reiseliv som tek utgangspunkt i naturgrunnlaget utan å forbruke det.

Vern og bruk er ei viktig problemstilling i Vormedalsheia i høve til landbruk og kulturlandskap. For næringsmessig bruk ligg utfordringa i å få denne så natur- og miljøvenleg som mogleg. Urørt natur og det gamle kulturlandskapet har ein eigenverdi, og dei vil truleg bli ein viktig ressurs i framtida. Det er ikkje mogleg å kombinere ei sterk utnytting og utbygging med ivaretaking av urørt natur.

I høve til landbruket ligg utfordringane i at bruken ivaretek det gamle kulturlandskapet der dette er verdfullt. Moderne landbruk og utmarksnæring set som regel fleire og større spor etter seg enn gamle driftsmetoder.

Vernereglane gir rom for ei meir eller mindre streng praktisering, spesielt i høve til landbruksinteressene. Ei vurdering av korleis ein best kan oppnå føremålet med vernet samstundes som ein opnar for landsbruksutnytting er vanskelig, men naudsynt. Dette gjeld først og fremst skogbruk, nyrydding og gjødsling av beite.

Busetnaden og jordbruksdrifta i randsona til landskapsvernområdet utgjer ein viktig del av attraksjonane i området, og er samstundes ein føresetnad for at store delar av kulturlandskapet skal bli teke vare på, t.d. ved beiting.

#### 4.4. Forhold til tilgrensande område

Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområdet at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko grunneigarane, Hjelmeland kommune og dei andre tilgrensande kommunane har hovudansvaret for. Områda som grenser til landskapsvernområda inneheld mange av dei same naturkvalitetane som områda innafør landskapsvernområda. Dette gjeld m.a. dei lågareliggande områda vest i Vormedalsheia - med rikt fugleliv, myrer og bjørkeskog - som blei tatt ut av landskapsvernområdet.

Når det gjeld villreinen er fjellområda vest for Blåsjø og mellom Blåsjømagasinet og Svartevassmagasinet viktige, der landskapsvernområda berre er ein del av leveområda til villreinen.

Område som er viktige i forvaltningssamanheng er:

- Grasdalen - Stølsdalen
- Storsteinen-området
- nord for Lusaheia og vest for Blåsjømagasinet
- parkeringsplassen ved Fundingsland og innfallsporten ved Kleivaland

Forvaltningsplanen kjem derfor med innspill og legg fram korleis forvaltningsstyresmakta meiner tilgrensande område bør forvaltas (sjå kapitel 5.3.).

Forvaltninga av dei tilgrensande områda rekner ein med blir tatt opp mellom anna i fleirbruksplanlegginga av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Problemstillingar og utfordringar i dei tilgrensande områda vil i stor grad vera dei same som innafør landskapsvernområda.

## 4.5. Strategiar

Det er ikkje alltid like klart om ulike miljøproblem skuldast naturlege variasjonar, menneskeleg aktivitet eller ein vekselsverknad mellom desse. Denne uvissa om årsak og verknad må kome naturen til gode. Sagt på ein annan måte: ein må nytte "føre var-" prinsippet.

For å førebygge problem som kan oppstå ved nye inngrep bør ein gjennomgå/analysere konsekvensane av desse. Det bør vere eit prinsipp at den som vil gjere eit inngrep klargjer dei virkningane inngrepet kan ha på natur og miljø. Det er verneføremålet og verneforskrifta som avgjer kva som er mogeleg av inngrep. Da desse er restriktive til inngrep, vil det derfor ikkje vere snakk om inngrep som treng store og omfattande konsekvensanalysar. Men ved dispensasjonar frå verneforskriften eller unntak nemnt i kongelig resolusjon, kan det likevel vere nyttig med ein gjennomgang av moglege konsekvensar ved inngrep.

Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde vart oppretta i 1991. Det kan hende at tilstrøyminga til området vil auke dei næraste åra. Derfor er det no rett tid for å leggje premissane for framtidig bruk av området og gjere avveginga mellom dei ulike brukarinteressene, men med rom for tilpassing på bakgrunn av røynsler med forvaltninga av området.

Verneområda kan ikkje sjåast isolert frå områda omkring. Innfallsportane ligg utafor, samstundes er det viktig at det finst bufferzonar kring landskapsvernområdet gjennom kommuneplanen og t.d. biotopvernområde så ikkje uheldige inngrep blir gjort tett opptil.

Ved ei soneinndeling av heiområdet kan ein differensiere mellom soner med meir eller mindre streng praktisering av verneforskrifta. Innafor ei sone kan ein også gjere eit skille mellom ulike tider på året då verneforskrifta kan praktiseras meir eller mindre strengt.

Ein god forvaltning av området byr på ein rekkje utfordringar. Det er viktig å få til ein smidig og effektiv forvaltning som ikkje gjer næringsutøving tungvint. Forvaltninga skal ha verneføremålet som overordna prinsipp, men samstundes vurdere kva slags aktivitetar som kan tillatast og korleis han kan utøvast. Det er òg viktig å finne fram til samanfallande interesser mellom grunneigarar og verneinteresser. Mellom anna gjennom tilsynsutvalet må forvaltningsstyresmakta trekkje med grunneigarane i forvaltninga og oppsynet av området.

Ein bør også fokusere på det potensialet som finst til næringsutøving innafor landskapsvernområdet, som til dømes gardsturisme, utleigehytter og guiding. Reiseliv og turisme som blir knytta til landbruket vil lettere kunne halde seg innafor verneforskriftene enn reiselivssatsing som forutsett nye og store anlegg.



## 5. SONEINNDELING

### 5.1. Kategorier for soneinndeling

Utfordringane ein står ovafor i forvaltninga av verneområde vil truleg vera best å ta stilling til ved å dele verneområda inn i soner. Sonene vil ha ulike målsettingar med omsyn til vern og bruk. Vern av natur er likevel det overordna målet for kvart einskilt verneområde, og verneforskrifta for området vil vera den same for heile området også ved soneinndeling.

Kategoriene for soneinndeling bør vera den same for alle verneområda. Ofte vil det vera aktuelt å berre bruke nokre av desse sonene i eit verneområde.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Direktoratet for naturforvaltning har kome fram til 4 typer soner som ein kan bruke:

#### 1) Spesiell vernesone

Dette er område som treng spesielt vern på grunn av eneståande eller trua natur- eller kulturverdiar. Her kan det vera aktuelt å regulere ferdsel. Som oftast dekker slike område relativt små areal.

Døme på område som bør bli spesiell vernesone er, kalvingsområder for rein, særleg verdfulle våtmarksområder eller myrområder.

#### 2) Soner med urørt natur

Som oftast er dette villmarksprega område der naturvernomsyn er overordna andre interesser. Områda skal haldast utan innrep og uten tilrettelegging. Denne sonen tilsvarar sonen 1 i Norsk sti- og løypeplan.

**Sone 1 i Norsk sti- og løypeplan** er areal for friluftsliv utan tilrettelegging av noko slag. Det skal ikkje lagast nye innretningar for friluftsliv. Eventuelle eksisterande stier bør ikkje nymerkast. Andre eksisterande innretningar slik som bruer, klopper eller lignande må kunne vedlikehaldast.

#### 3) Brukssoner

Dette er område der føremålet er å halde på det naturlege miljøet, men kor likevel ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafor eit planlagt rutenett. Denne sona tilsvarar sonen 2a og 2b i Norsk sti- og løypeplan, tilrettelagte naturområde.

**Sone 2a i Norsk sti- og løypeplan** er tilrettelagte naturområde med ein enkel grad av tilrettelegging. Her kan det vera ubetjente eller sjølbetjente hytter med ein kapasitet på maks. 20-30 senger. Rutenettet er enkelt og uten kvisting i vintersesongen. Enkle supplerings- og nye ruter kan skje etter nøye avveging mot andre interesser knytta til naturforvaltning. Sonen skal omfatte område der ein ønskjer, eller som berre tåler, avgrensa ferdsel.

I sone 2b i Norsk sti- og løypeplan kan det også skje ein enkel tilrettelegging, men med større kapasitet enn i sone 2a. Området kan ha betjente turisthytter, tettare rutenett med alternative ruter mellom hyttene, og kvisting i vintersesongen. Supplering og nyetablering av rutenett og hytter (kapasitet) må skje i samråd med andre interesser.

#### **4) Soner med spesielle inngrep**

Dette er område der det enten er gjort spesielle inngrep som vassdragsregulering, eller der ein legg forholda tilrette for ferdsel og kan opne for spesielle brukarinteresser. Som oftast er dette mindre område av heilt spesiell interesse for visse grupper. Vanlegvis bør slike område leggest utanfor verneområda.

Døme på slike område kan vera areal rundt store betjente turisthytter, transportanlegg etc.

## 5.2. Soneinndeling av landskapsvernområdet

For landskapsvernområda i Hjelmeland er ei inndeling i ulike typer brukssoner det som høver best. Inndelinga i soner har skjedd etter lokale problemstillingar, og på bakgrunn av fleire tema.

Praktiseringa av verneforskrifta i dei ulike sonene må ta utgangspunkt i ein rekkje forhold, som tildømes beitedyr, villrein, anna vilt, ferdsel, hytter, årstidsvariasjoner m.m.

Vormedalsheia er delt inn i tre soner:

### **SONE A: Dei vestre områda av Vormedalsheia landskapsvernområde som ligg under skoggrensa**

Stikkord for området er:

- hogst (planta gran ved Kaldavatnet og vestlia av Austmannshovudet, bjørk rundt Ottestøl)
- beiteforbetring (området nord for Øyastølsmyra, Ottestøl og Bjørnabu)
- stølsområde (dei fleste stølane finn ein i området Holmavatnet - Hegnavatnet, og Ottestøl - Kvannal)
- konsentrerte beiteområde for sau
- ferdsel til Melandsgrønahei / Grasdalen

### **SONE B: Området austover og over skoggrensa, Kyrjegardhei - Kvivassheia - Frigardsheia - Storaheia - Melands-Grønahei - Rundemannsheia**

Stikkord for området er:

- villrein (kalving ved Storaheia, sommerbeite ved Rundemannsheia)
- område med liten ferdsel i nord og område med hovedløypa frå Kleivaland til Grasdalen og meir ferdsel i sør
- interessant planteliv og myrområder
- sjeldsynte planter (området Austmannshovudet - Skardhei)

### **SONE C: Dalføra Djupadalen - Stutadalen og Norddalen**

Stikkord for området er:

- ulendt terreng / lite ferdsel
- gardsbruk i drift
- hekkeplassar for rovfugl

"område" istedet for "sone" ?

### 5.3. Tilråding til soneinndeling av tilgrensande område

Tilgrensande område utgjer buffersone for landskapsvernområda. Forvaltningsstyresmakta kan og bør vurdere om område som grenser til landskapsvernområde bør soneinndelast i kommuneplanssamanheng fordi bruken av området og tiltak og inngrep her vil påverke verdiane i landskapsvernområda. Ansvar for forvaltning og bruk av området ligg imidlertid til kommunene, fylkeskommunen og grunneigarane, men denne planen kan tilrå ein soneinndeling av tilgrensande område. Fleirbruksplanarbeidet for Setesdal vesthei - Ryfylkeheiane vil òg vera bestemmende for bruken av tilgrensande område.

#### Soner innafor Hjelmeland kommune

Stølsdalen - Grasdalen, som ligg som ein korridor mellom Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde, er viktig for trekket til villreinen. Dersom det i framtida oppstår trong for å styre ferdselen eller hindre inngrep utifrå omsynet til villreinen, kan ein vurdere bruk av lovverk som gjer det mogleg å styre slik verksemd.

I planen for heiområdet Setesdal - Ryfylke frå 1986 er områda nord og sør for landskapsvernområda Vormedalsheia og Lusaheia framlagt som randområde. Planen foreslår at det i desse områda bør innførast interkommunalt plansamarbeid. Dette skal skje i medhald av § 20-3 i plan- og bygningsloven slik at kommuneplanlegginga kan gå føre seg etter nokonlunde sams retningsliner. Ei videreføring av desse tankane høver godt med å gjere dei to områda til soner.

Alle desse område er prega av store tekniske inngrep og har ikkje verneverdi utifrå kriterier i natuvernloven, samstundes som dei fortsatt er viktige leveområde for villreinen.

Det er viktig med ei god forvaltning av randområda til landskapsvernområda. Dette gjeld spesielt områda som blei tatt ut av Vormedalsheia landskapsvernområde, med rikt fugleliv og frodige bjørkeliar og myrdrag.

Innfallsporene til landskapsvernområda er viktige for forvaltninga av områda. T.d. parkeringsplassen ved Fundingsland og utgangspunktet for turar ved Kleivaland kan handsamast som eigne soner i kommuneplanen, eventuelt gjennom eigen reguleringsplan.

#### Soner utafor Hjelmeland kommune

I den same planen frå 1986 strekker Vormedalsheia/Lusaheia landskapsvernområde seg inn i Bykle kommune og inn til Svartevassmagasinet. Mellom Blåsjømagasinet og Botsvatn er Steinbuskardet trekkveg merka av som framlegg til biotopvern i medhald av viltlova. Randområda på begge sider av landskapsvernområda i Hjelmeland omfattar også areal i kommunane Suldal, Forsand og Bykle. Desse områda bør ein ta med ved fleirbruksplanarbeidet for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane, og dei bør gjerast til eigne soner.



Særleg Storsteinområdet er viktig for trekket til villreinen. Opninga av anleggsvegen heilt inn til Storevassdammen kvar sommar fører til stor trafikk i området. Stenging av anleggsvegen ved Beinlei og eventuelt omplassering av hyttene i området bør vurderast.

### Sonene si status

Eventuelle soner kan ha ulik status, som til dømes:

- vern etter naturvernloven
- biotopvernområde med heimel i viltlova
- spesialområde med heimel i plan- og bygningsloven

Nokre av dei tilgrensande område vil det vera naturleg å ha som landbruks-, natur- og friluftsområde etter Plan- og bygningsloven.

Kva status ein gir sonene må avgjerast ut frå:

- omfang og type inngrep i området i dag
- kor stor trongen er for å regulere inngrep og ferdsel
- verneverdiar
- brukarinteresser

Den delen av Auråhorten som ligg i Bykle, mellom Lusaheia landskapsvernområde og Svartevassmagasinet, er fortsatt aktuell som landskapsvernområde. Dette er i tråd med heiplanen frå 1986. Det lite aktuelt å bruke naturvernloven på dei andre områda som er nemnt her.

Områdevern etter viltloven er mogleg dersom området har "særleg verdi for viltet". Biotopvernet må vera "nødvendig for å bevare viltets livsmiljø". Dei restriksjonane som ein set opp i vedtaket om biotopvern, må objektivt sett vera eigna til å bevare livsmiljøet til viltet. Det kan berre vedtas restriksjonar som er naudsynt for å forby åtferd som vil forringa livsmiljøet til viltet (Backer 1986).

Det er heimel for å opprette verneområde ved reguleringsplan, sidan Plan- og bygningsloven si § 25 nr. 6 nemner naturvernområde som døme på spesialområde. For å fremja eller sikre føremålet med reguleringa kan det i medhald av § 26 bli gitt nærare reguleringsforskrifter. Dette vil i praksis gjere det mogleg å gje tilsvarande verneforskrifter for verneområder i reguleringsplan som dei ein kan gje etter naturvernloven. Men den særskilde og nye erstatningsregelen i Plan- og bygningsloven si § 32 kan nok avholde kommunane frå ei slik regulering (Backer 1986).

## **6. PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTEN OG TILTAK**

### **6.1. Aktuelle problemstillingar og brukerinteresser**

Ovafor grunneigarsida og landbruksinteressene må ein legge vekt på kva slags næringsverksemd og bruk som er mogleg innafor verneområdet. Forvaltningsstyresmakta må finne ut kva for aktiviteter ein bør og kan stimulere til. Dette må sjåast i samanheng med dreininga av overføringane i jordbruket, der mellom anna gardsturisme blir ein del av landbruket.

Det er ønskjeleg med jord- og skogsbruksdrift som er fører til at støl-, beite- og slåttelandskapet blir halde vedlike.

Aktuelle problemstillingar og brukerinteresser kan grovt delast i to:

- grunneigarane sin bruk av området
- ålmenta sin bruk av området

På bakgrunn av naturkvalitetane i Vormedalsheia og Lusaheia blei områda foreslegne som nasjonalpark i nasjonalparkplanen (NOU 1986:13). Forvaltningsstyresmakta finn det difor riktig å ha ei relativt restriktiv haldning til omfattande skogdrift og nyrydding i området.

Det skal i utgangspunktet gis dispensasjon til naudsynte landbrukstiltak som ikkje bryt med føremålet med vernet. Landbrukstiltak omfattar jord-, skog- og beitebruk, dessutan tradisjonelle utmarksnæringar som jakt, fangst og fiske. Det skal leggest vekt på fylgjande forhold:

- om tiltaket er landbruksfagleg forsvarleg
- i kor stor grad tiltaket vil bryta med verneføremålet

Landbruksstyresmakta skal gje uttale om dispensasjonssøknader til større landbrukstiltak. Til dette blir rekna:

- større nydyrking
- skogtiltak som omfattar skogsvegar og flatehogst over 2 da
- nye landbruksbygg

Tiltak i samband med ny utmarksnæring, gardsturisme og utleigehytter vil bli vurdert etter dei same kriteriene. Tiltak i samband med eit utvida landbruksomgrep bør ein kome nærare tilbake til ved ein revidering av forvaltningsplanen.

Styresmaktene innafor miljøvern og kulturminnevern bør høyrast før det blir gitt løyve til meir omfattande tiltak, som kan skade til dømes synlege og ikkje synlege kulturminner/fornminner.

Vernereglane inneheld fleire unntak frå det generelle forbodet. Desse unntaka, saman med andre aktuelle tiltak, blir handsama i det fylgjande.

### 6.1.1. Jordbruksdrift

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:*

- 1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, bortlegging av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftleidningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrking, treslagsskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig.*

*V. Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:*

- 3. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernområdet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta i området, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar, naudsynt bruk av motorkøyrety til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at køyretyet ikkje gjer nemnande skade.*

*Forvaltningstyresmakta kan av omsyn til særlege sårbare naturområde og viltforekomstar unnta enkelte tre og mindre tregrupper frå hogst.*

*VI. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- 2. Dyrking, oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising eller anna skogdrift ut over det som er tillatt etter etter pkt. V, 3.*

I følge verneforskriftene kan det bli gitt løyve til noko nydyrking. På Ottestølsmyra og Bjørnabumyra (og Øyastølsmyra) vil imidlertid ikkje oppdyrking bli godteke.

Nydyrking i landskapsvernområdet kan skje etter løyve gitt av forvaltningsstyresmakta i samråd med landbruksstyresmakta, under føresetnad av at miljø- og landskapsomsyn er innarbeida i dyrkingsplanen. Dette medfører bl.a.:

- ingen større områder må planerast
- større samanhengande område med dyrka mark må unngås
- drenering må ikkje føre til store inngrep i landskapet
- elveløpa må ikkje påverkast ved regulering eller andre vesentlege tiltak
- det skal takast omsyn til dei høgast prioriterte områda med gamal kulturmark (ei slik prioritering må baserast på registreringer, sjå kap. 6.2)

Rydding av lauvkratt, einer, vier på stølsvollar som tidlegare har vore opne, reknast som skjøtselstiltak og kan gjerast utan vidare. Ei slik rydding kan også vere ønskjeleg på seint tilgrodd beitemark dersom det trengst meir beite. Skånsom beiteforbetring - P-K tilførsel, krattrydding, opnare beite - vil også kunne bli godteke.

I rundskriv nr. 3/92, "*Forskrift frå Landbruksdepartementet om areal- og kulturlandskapstillegg for grovfôr og for korn m.v.*", frå Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland heiter det blant anna:

"Jordbruket må - som andre næringar - sjølvstøtt ta miljøansvar. Dette medfører at jordbruket nå, i tillegg til å produsere jordbruksvarer, skal "produsere" miljøgode. Kulturlandskapet er eit slikt viktig miljøgode, og god tilgang til dette landskapet for folk flest er nødvendig".

"Brukarane - dei som eig og/eller driv jorda - er dei som framleis skal stå for forminga av kulturlandskapet i bygdene. Skal dei måla som er sette nåast, er det avgjerande å ha bøndene som aktive og positive medspelarar."

"Alle som driv med grovfôrproduksjon slik dei to forskriftene (forskrift gitt med medhald i jordbruksavtalen av 1990, og for 1991-92 sjå forskrift M-0524) set opp reglar for, har etter søknad rett på dette tillegget. Vilkåret er at det etter 1.juli 1990 ikkje utan vidare er høve til å føreta større endringar eller inngrep i kulturlandskapet.

Det skal ikkje etablerast eigne kontrollordningar for oppfylgjing av krava til bevaring av kulturlandskapet. Brukarane må informerast og motiverast til å ivareta kulturlandskapsomsyna av eiga interesse, noko dei i stor grad har synt at dei er i stand til."

Ordninga med *tilskot til spesielle tiltak i jordbrukets kulturlandskap* heng saman med og kjem i tillegg til det generelle areal- og kulturlandskapstillegget som bøndene får.

I § 2. "*Virkeområde*" i *Forskrift om tilskudd til spesielle tiltak i jordbrukets kulturlandskap, 20.03 1992* heiter det:

"Tilskuddene skal utbetales for tiltak som tjener til å:

- bevare og bruke kulturminner
- fremme tilgjengelighet og opplevelseskvalitet
- bevare og utvikle biologisk mangfold
- holde gammel kulturmark i hevd

Forskriften gjelder for følgende områder:

- a) fulldyrket og overflatedyrket mark samt gjødslet beite
- b) annen innmark eller områder knyttet til jordbruket som regnes lik med innmark (bl.a. gårdplass, hustomt, udyrkete mindre områder som ligger i dyrket mark).

- c) ugjødslet mark som er preget av vedvarende beiting, slått eller annen høsting (slåtteeng, beitehage, blokkmark, lynghei, strandeng)
- d) områder i skog, hei og annen utmark med preg eller spor av jordbruksdrift
- e) kantsoner til nevnte områder

Det kan gis tilskudd til områder vernet etter naturvernlov og kulturminnelov når vernebestemmelsene forutsetter skjøtsel ved aktivt jordbruk, eller ikke er til hinder for vanlig jordbruksdrift."

I § 4. *Generelle vilkår*, heiter det blant anna:

"For områder som er vernet etter naturvernloven forutsettes at tiltak blir planlagt i samråd med fylkesmannens miljøvernavdeling."

I og med at Hjelmeland kommune har fått delegert forvaltningsansvaret for verneområda i kommunen, bør tiltak i landskapsvernområda kunne planleggast i samråd med kommunen.

*Kapittel II: Spesielle vilkår*, opnar for tilskot i desse fire gruppene av tiltak:

**1) § 5. Tiltak for å bevare og bruke kulturminner**

Her er formålet å bidra til vern, skjøtsel og planlagt bruk av kulturminne i jordbrukets kulturlandskap. Faste fornminne, buplasser, hustufter, jakt- og fangstplasser, gravhaugar, er døme på kulturminne verna etter kulturminnelova der det kan gjevast støtte, i tillegg kan støtte gjevast til tekniske kulturminne frå nyare tid; som hustuft, ryddingsrøys, bakkemur, forstøtting, steingard, gjerde, ferdselsåre, gardshage, utløe, bu, smie, kvern og bru.

**2) § 6. Tiltak for å fremme tilgjenglighet**

Formålet her er å gi betra tilgang for ferdsel til fots og opplevingar av jordbrukets kulturlandskap for fritid og rekreasjon. Eit samanhengande turvegnett kan skapast ved å knytte saman gards- og driftsvegar og linedrag i jordbrukslandskapet. Det er ynskjeleg at tiltaket kan skje i samarbeid med kommunen.

**3) § 7. Tiltak for å fremme biologisk mangfold**

"Tiltak skal bidra til bevaring og utvikling av naturlig dyre- og planteliv i jordbrukets kulturlandskap. Det er et mål å utvikle og vedlikeholde et nettverk av biotoper for å sikre livsvilkår og spredning av naturlig forekommende arter."



#### **4) § 8. Tiltak for å holde gammel kulturmark i hevd**

Gammal kulturmark utvikla ved beiting og gamle haustingsmetoder er dokumentasjon over jordbruksdrift frå eldre tider, samstundes som landskapet blir rikt og variert. Vi snakkar om urterike slåtteenger, stølsvollar, hagemarker, lundar, samt stubbeskog, styvingstre og lynghei.

Ei kartlegging av særskilt verdifullt kulturlandskap kan få fram om det finst område innafør landskapsverområdet som har slike verdiar at det kan søkast på tilskot til spesielle tiltak. Forvaltningsstyresmakta bør vidare arbeide aktivt for at det blir søkt på desse tilskota for dei aktuelle områda innafør landskapsverområdet.

## 6.1.2. Skogbruksdrift

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:*

*1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna...vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, treslagskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig.*

*V. Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:*

*3. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernområdet, herunder...uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar, naudsynt bruk av motorkøyrety til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at køyretyet ikkje gjer nemnande skade.*

*Forvaltningstyresmakta kan av omsyn til særlege sårbare naturområde og viltforekomstar unnta enkelte tre og mindre tregrupper frå hogst.*

*VI. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*2. .... treslagsskifte, skogreising eller anna skogdrift ut over det som er tillatt etter etter pkt. V, 3.*

Hogst i skogen må bygge på retningsliner for hogst i verneskog, og m.a. ta omsyn til skog/trær som tjener til vern mot skred og ras, som har verknad på lokalklimaet eller som vil ha vansker med å forynge seg. Landskapsbiletet må haldast mest mogleg stabilt. Jfr. Lov om skogbruk og skogvern.

Ved avvirkning er det ønskeleg med plukkhogst/bledning. Hogst i bjørkeskogen kan vera med på å halde oppe den opne og beiteprega skogen.

Etablering eller fornying av furuskog bør skje ved stedege frøtre, eventuelt kongler. Ved hogst i furuskog bør det derfor settast igjen frøtre. Det kan det vera aktuelt med markberedning ved slik forynging, dvs. at en fjerner vegetasjon og humusdekket slik at mineraljorda blir blottlagt.

Forvaltningsstyresmakta kan av omsyn til særlege sårbare naturområde og viltforekomstar unnta enkelt-tre og mindre tregrupper frå hogst.

Flatehogst utover 2 daa blir rekna for å vera ein vesentlig endring av landskapet, og er difor i utgangspunktet forbode.

I følge forskriftene kan forvaltningsstyresmakta gi dispensasjon for flatehogst over 2 daa, treslagsskifte, skogreisning eller anna skogdrift. Planar for slik drift skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta i samråd med landbruksstyresmakta.

Uttak av skog skal primært skje på frosen mark og eksisterande veger. Utover dette kan ein sjå om det er mogleg å kome fram ved mindre inngrep som rydding av stein og planering.

I kongeleg resolusjon av 19.april 1991 står det at innafor dei eksisterande granplantefelta kan større hogstflatar vurderast for at det raskast mogleg skal kunne etablere seg naturleg skog i området.

Vidare står det at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om det mogleg å gi dispensasjon til vegtrasé gjennom verneområdet mellom Fundingslandsvatnet og Djupedalsvatnet, dersom dette er naudsynt for den skogdrift som verneforeskriftene gjer tillatelse til. Ved eventuelt løyve til vegbygging vil det bli sett krav til god planlegging ved utforming og plasseringa i landskapet. Planane må på førehand vere godkjende av landbruksstyresmakta, som i utgangspunktet held seg til dei nye forskriftene om planlegging og godkjenning av skogsveger. Dei nye forskriftene har som utgangspunkt at omsyn til friluftsliv, naturmiljø og kulturminner blir ivaretatt.

### 6.1.3. Bygningar

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:*

*1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna...framføring av luftleidningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar... Opplistinga er ikkje fullstendig.*

*V. Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:*

*2. Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar....nemnt under pkt. IV, 1., når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.*

*IV. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*2. ...oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta...*

*3. Oppføring av enkelte hytter i områder der det er hytter frå før.*

I Vormedalsheia kan det tillast oppføring av bygningar etter pkt. IV, 2 og 3. Det må vurderast korleis nybygg passar inn i eksisterande bygningsmiljø.

#### GENERELT

Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg er ønskjeleg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Med dette meiner ein vanleg vedlikehald og reparasjonar, og ikkje større bygningsarbeid som omfatter f.eks. skifte til nye vindustyper og ny tak/veggkledning ulik lokal byggeskikk, påbygging etc.

Forvaltningstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve, i samråd med fylkeskonservatoren, til vesentleg endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. Det same gjeld restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi.

Bygningar som er naudsynte for landbruksdrift kan oppførast etter løyve frå forvaltningsstyresmakta, som kan be om ei landbruksfagleg vurdering. Dette gjeld til dømes stølshus, dersom ein vil ta opp att stølsdrift. Som landbruk blir her rekna skog-, jordbruk og beitebruk, dessutan tradisjonelle utmarksnæringar som jakt, fiske og fangst.

Ved handsaming av løyve for bygging av jakt- og fiskebuer skal ein ta omsyn størrelsen og terrengtilhøva på jaktterrenget. Antall og avstand mellom hyttene skal vere slik at ein sikrar ein god utnytting av jakt- og fiskeressursane, også ved utleige av jaktrett.

Det kan gis dispensasjon til å setja opp hytte dersom:

- ho kan innpassast i eksisterande bygningsmiljø
- hytta er knytta til hovudsysselsetjinga på bruket og er med på å trygge denne
- hytta inngår i plan for ålment friluftliv

Det vil bli lagt vekt på noverande overnattingskapasitet på bruket innafor verneområdet og i utmarka elles. Det vil bli lagt vekt på om ein kan setja opp tilsvarande bygg på bruket utanfor verneområdet.

Eventuelle nybygg skal tilpassast gamal byggeskikk og føye seg naturleg inn i landskapet. Dei skal tilpassast kultur- og bygningsmiljøet elles, utan at nybygg må vere kopiar av den eldre bygningsmassen.



#### 6.1.4. Motorferdsel i utmark

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:*

- 2. Vegen til Ottestøl skal vera stengt med bom ved grensa til landskapsvernområdet. Den skal vera ein traktorveg og ikkje rustast opp til høgare standard. Grunneigarane i området (gnr. 41 og 42) kan bruka vegen til næringskjøring med traktor og snøscooter, elles er motorisert ferdse forbode.*
- 3. Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy er forbode.*

*V. Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:*

- 1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikringsteneste og oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsoppgåver.*
- 3. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernområdet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta i området, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar, naudsynt bruk av motorkøyrety til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at køyretyet ikkje gjer nemnande skade.*
- 4. Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter med beltekøyrety på vinterføre.*

*VI. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- 1. Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.*

Med opparbeidde vegar meiner ein her vegen til Ottestøl. I tillegg kan gnr. 42 og gnr. 43 kjøre frå Ritlandsvegen ned til elva, over denne og til eigedommene aust for Øyastølsmyra naturreservat, jfr. spesiell skjønnsforutsetning, Gulating lagmannsrett den 12.november 1991. Vegen til Ottestøl definerast som traktorveg, og kan nyttast til næringskjøring av grunneigarane. Vegen har i dag ein slik standard at ein ikkje kan køyre personbil på han. Vegen treng derfor ikkje stengast med bom så lenge personbiltrafikk ikkje er noko problem.

Snøscootertraséen som i dag blir brukt til Grasdalen går fra Fundingsland, over Liarstølsvatnet og Frigardsheia, sør for Brendeknuten og ned ved Litle Grasdalen.

## GENERELT

Snøscootertrafikk om våren er ikkje ønska, og må difor avgrensast.

Reglane om motorferdsel for landskapsvernområdet er strengare enn Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Derfor bør søknader innafor verneområdet handsamast av same forvaltningsnivå. Forvaltningsstyresmakta bør sørge for koordinering. Det bør vurderast om ein skal innføre eit system med rapportering til forvaltningsstyresmakta etter køyring i utmark og flyging (evt. årsrapporter). Dette kan gjere det lettare å følgje utviklinga og omfanget av motorferdsel i utmark.

Føremålet med å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag er å verne om naturmiljøet og fremje trivselen. Ein ønskjer å unngå skader og ulemper som støy og forureining, terrengskader og konflikhtar i forhold til dyreliv og tradisjonelt friluftsliv. Reguleringa gjeld alle typer motorferdsel: bruk av motorkøyrety og motorfartøy, og landing og start med luftfartøy etc.

Reglane tar ikkje sikte på å nekte ferdsel som tener anerkjente nyttebehov. Det er fyrst og fremst fornøylesprega ferdsel som reguleres. Køyning på barmark gir langt større terrengskader enn kjøring på vinterføre. Samstundes kan motorferdsel om vinteren vere eit større problem når det gjeld uroing av viltet. Dette tilseier ein generelt restriktiv haldning.

## 6.1.5. Friluftsliv og reiseliv

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgende reglar:*

*4. Forvaltningsstyresmaktene kan regulere organisert ferdsle og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.*

*V. Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:*

*4. Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter med beltekøyrety på vinterføre.*

I Vormedalsheia er det ønskeleg med tradisjonelt friluftsliv med ein viss grad av tilrettelegging. Det er i dag usikkert kva området kan absorbere av ferdsel, m.a. i forhold til endringar i korleis villreinen bruker området. Ein bør difor vurdere om ein ønskjer ein auking av friluftslivet ved første rullering av planen.

Tiltak som kan fremje friluftslivet er:

- sikringsbu på Melands-Grønahei (enten opprusting av eksisterande skjul/uthus eller nybygg)
- tilstrekkeleg overnattingskapasitet i Trodla-Tysdal

Ein tilrår eksisterande løypenett som utgangspunkt for framtidig kanalisering av ferdsel i Vormedalsheia.

For å avgrensa uønska aktivitet kan stenging av hytter om våren og under jakta, og hytter utan proviant vera aktuelle tiltak. Det siste kan hindre at folk blir liggande fleire dagar på same hytte, med meir ferdsel utafør løypene som resultat.

Ei styring av ferdselen må skje samstundes som ein opplyser om kvalitetar og verneverdier i området, for å oppnå eit holdningsskapande og pedagogisk arbeid. Som område for guida turar peiker området rundt Austmannhovudet seg ut, med rik og spennande geologi, dyre- og planteliv.

### GENERELT

Forvaltningsstyresmakta kan regulere organisert ferdsel og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.

Ein ser tydeleg trong for betre dokumentasjon av konflikten mellom villrein og bruk av heia. Det er teke initiativ til eit prosjekt for registrering av inngrep og forstyrringar i villreinområdet. Det er òg oppretta faglege prosjektgrupper for turløypenett-kulturminne og ferdsl i fleirbruksplanarbeidet. Slik informasjon er viktig for å kunne ta betre og sikrere avgjerder ved forvaltninga av heia.

Tilsynsutvalet vil få ei viktig oppgåve i å avklare kva for eit nivå ein skal tillate på tilrettelegginga for friluftsliv i områda. Det bør opprettast eit nærare samarbeid gjennom tilsynsutvalet med grunneigarane og Stavanger turistforening når det gjeld hytter, rutenett og informasjon til turistane.

## 6.1.6. Villrein, jakt og fiske

I verneforskrifta heiter det:

*IV. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:*

*4. Forvaltningsstyresmakta kan regulera organisert ferdsle og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.*

### GENERELT

I lov om naturvern § 22 står det: "I landskapsvernområde..., kan kongen forby enhver ferdsel hele året eller en del av året når det anses nødvendig for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske forekomster".

Gjennom § 22 får ein tilstrekkeleg høve til å sikre viktige trekkveggar for villreinen. Nærare detaljar og haldepunkt for regulering av ferdsel forutset betre kunnskap om reinen. Då reintrekka kan endras over tid kan det vere vanskeleg å setje opp slike reglar for mange år om gongen. Trekka er vanlegvis svært stabile, men blir nå endra som ei tilpassing til inngrep og ny bruk av heia.

Når det gjeld anna vilt må ein følgje utviklinga i landskapsvernområda og vurdere behovet for ferdselsrestriksjonar av omsyn til andre arter enn villreinen.

Faste ferdselsrestriksjonar eller -forbod som skal gjelda til bestemte tider for bestemte områder inntil vidare, kan vedtakast som ein del av forvaltningsplanen. Forslag til slikt vedtak bør legjast ut til ei brei høyring som må omfatta grunneigarane, kommunen, fylkesfriluftsnemnda, turistforeninga m.fl.

Det kan vera ønskjeleg å styre ferdselen meir i framtida og informere spesielt fjellturistane om kor sårbar villreinen er for uroing. Områda må forvaltast slik at det blir meir vanleg å sjå villrein. Ein bør prøve i større grad å sameina jakt- og friluftinteressene, m.a. ved:

- at det enkelte plassar leggast opp til ein meir skånsom ferdsel, med ulike soner med og uten ferdsel (sjå kap. 5.2)
- å vurdere å stenge turisthytter i spesielle deler av året

Verneforskriftene er ikkje til hinder for kalking av vatn og vassdrag. Der det er grunnlag for det er det ønskjeleg med utvida salg av kort til jakt og fiske.



## 6.2. Tiltak og skjøtselsplan

Dette er tiltak som gagnar verneføremålet og hjelper til å halde oppe det ønskelege landskapsbiletet og verdifulle kulturlandskap og kulturminne. Tiltak for økologisk skjøtsel av eit område kan delast i to grupper:

- restaurerande tiltak for å få området i ein ønska tilstand
- tiltak for å halde oppe ein ønska naturtilstand

Rydding og istandsetting er to aktuelle restaurerande tiltak. Eitt skjøtselsmål er å hindre at det opne stølslandskapet gror til med tre og kratt. For å ta vare på ein bestemt kulturprega tilstand, bør kulturtrykket som har gitt denne tilstanden halde fram. I tidlegare tider besto kulturtrykket i stølszona av stølsdrift, slått og beiting, og andre aktivitetar som var knytta til stølsdrift, til dømes betydelig vedhogst. Dersom beitinga sluttar vil stølsområda truleg vekse til med skog og kratt. Det er derfor ønskeleg at beitinga blir halde på minst same nivå som i dag. Vidare er det vesentleg at:

- ein sikrar open bjørkeskog gjennom beite
- ein sikrar eit rikt planteliv ved å unngå intensiv gjødsling på prioriterte, særleg verdifulle og artsrike stølsvollar og slåttemark
- ein sikrar kulturminna og samanhangen mellom dei og kultur- og naturlandskapet

Beitetrykket bør kontrollerast for å hindre uønska vegetasjonsutvikling. Om det er naudsynt bør stølsvollane ryddast for bjørk, einer og vier, slik at dei held seg opne.

Så lenge drifta i området hindrar tilgroing, er det ikkje naudsynt for forvaltningsstyresmakta å gripe inn med verkemiddel. Også i framtida må skjøtselen av området baserast på den landbruksdrifta som foregår i områda. Dersom landbruksverksemda ikkje er tilstrekkeleg for å halde vedlike landskapspreget slik det nå er, kan forvaltningsstyresmakta i særskilde høve vurdere tiltak for å hindre vesentlege endringar.

Det er ønskeleg med ei registrering av kulturlandskapet som kan fortele om det finst særleg verdifull kulturmark. Dei høgast prioriterte områda bør i tilfelle sikrast gjennom riktig skjøtsel, eventuelt utarbeide ein skjøtselssplan. Ein bør oppfordre grunneigarar å søkje på areal- og kulturlandskapstilskot og tilskot til spesielle tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap (jfr. kap.6.1.1.) for å halde oppe stølslandskap, styvingstre, beiteskog m.m.

Det vil vere viktig å dokumentere og følgje opp skjøtselstiltak for å sjå om dei har ønska effekt, og for å vinne fagleg kunnskap.

## **7. FORVALTNING, OPPSYN OG INFORMASJON**

### **7.1. Dei ulike forvaltningsorgana**

#### **a) Direktoratet for naturforvaltning / Fylkesmannen**

Direktoratet for naturforvaltning er eit administrativt og utøvande fagleg organ underlagt Miljøverndepartementet. Direktoratet er normalt klageinstans for forvaltingsvedtak fatta av fylkesmannen. For forvaltingsvedtak fatta av kommunen, er fylkesmannen klageinstans.

#### **b) Hjelmeland kommune**

Hjelmeland er ved skriv frå MD av 8.mars 1991 tillagt forvaltingsansvar for naturvernområda i kommunen med verknad frå 1.5.91. Dette er ei prøveordning som gjeld inn til MD eller kommunen trekkjer seg frå delegasjonen. DN og Fylkesmannens miljøvernavdeling har ansvar for fagleg og økonomisk oppfølging av prøveordninga.

**Uansett prøveordning vil kommunen måtte ta stilling til konkrete saker innafor verneområdet. Dette gjeld særleg byggesaker, vilt/innlandsfiskeforvaltning og saker vedr motorferdsel i utmark.**

Forvaltingsmynde etter verneforskriftene er ved nemnde brev frå MD gitt direkte til kommunen, og kan ikkje delegerast til eit partssamansett utval utan vidare.

#### **c) Forvaltningsoppgåver**

Aktuelle forvaltningsoppgåver etter forskriftene er i grove trekk:

- \* utarbeiding og revidering av forvaltningsplan
- \* oppsyn og informasjon
- \* dispensasjonssaker

#### **d) Samarbeidsorgan**

I følge forskriftene kan det opprettast tilsynsutval. Kongeleg resolusjon av 19.4.91 seier at det skal opprettast eit slikt utval.

I planperioden har kvart av landskapsvernområda hatt eit arbeidsutval blant grunneigarane. Det kan vera aktuelt å leggja tilhøva til rette for at ei slik ordning kan halda fram.

Ein kan òg oppmoda andre aktuelle organisasjonar (turistforening, naturvernforbund, botanisk/ornitologisk forening mv) om å ha eit arbeidsutval vedr landskapsvernområda.

## 7.2. Rådgevande utval for forvaltninga

Planutvalet vil tilrå at det vert oppretta to rådgevande utval, eitt for Lusaheia landskapsvernområde og eitt for Vormedalsheia landskapsvernområde. Utvalet for Vormedalsheia har slik samansetnad:

Vormedalsheia grunneigarar	3 repr
Landbruksstyresmaktene	1 repr
Hjelmeland kommune	3 repr
Andre organisasjonar v/turistforeningen	1 repr

Representantane frå landbrukskontoret, kommunen og STF vil vera dei same i begge utvala.

Det kan vera aktuelt å ha med faste observatører utan stemmerett. Representant frå Fylkesmannens miljøvernaving kan koma inn her.

Funksjonstid bør følgja normal valperiode.

Arbeidsoppgåver for det rådgevande utvalet vil vera som følgjer:

- årleg handlingsplan for verneområda (justering av handlingsplanen, Vedlegg VI)
- årsmelding/resultatvurdering
- revisjon av forvaltingsplanen
- andre aktuelle saker.

Utvalet skal ha møte minimum to gonger i året.

Utvalet skal ikkje ha avgjerdsrett i einskildsaker. Retten til å gi dispensasjon frå verneforskriftene ligg til kommunestyret. Retten kan delegerast til eigna politisk utval evnt administrasjonen. Dette for å sikra rask sakshandsaming.

Rådmannen (administrasjonssjefen) syter for nødvendig sekretærhjelp til det rådgevande utvalet gjennom kultur/naturetaten (evnt ny driftseining kultur/natur).

### **7.3. Aktuelle forvaltningsoppgåver / intern organisering i kommunen**

#### **a) Forvaltning av verneforskrifter og anna regelverk**

Innafor landskapsvernområdet gjeld vedtekne forskrifter i tillegg til "anna regelverk". Tiltak som krev løyve kan delast i tre kategorier:

- 1) berre løyve frå forskriftene (td etablering/ending av turløyper)
- 2) både løyve frå forskriftene og lovverk (td byggesaker, motorferdselssaker, landbruk)
- 3) berre løyve frå anna regelverk (td jakt)

Kommunal saksgong må tilpassast desse forholda. Ved etablering av ny organisasjonsstruktur er det lagt opp til at eit forvaltingsstyre skal ha ansvar for all forvaltning av regelverk. Ein kan då i same saka gi "endeleg svar" ut i frå totalt regelverk.

Kurante saker bør delegerast til administrasjonen (fagleg sekretariat).

#### **b) Driftsoppgåver**

Viktige driftsoppgåver vil vera oppsyn og informasjon. Ein del spesielle skjøtselstiltak kan vera aktuelle å gjennomføra, som td rydding av stier. Elles vil områda i hovudsak vera avhengig av at grunneigarane held fram med tradisjonelt bruk for å bevare "kulturlandskapspreget" særleg i dei lågast liggande områda. Slik sett vil grunneigarane framleis vera dei viktigaste forvaltarane av landskapsvernområda.

Eit kommunalt sekretariat vil ha som oppgåve å organisera oppsyn og informasjon, og vera ansvarleg for gjennomføring av andre spesielle tiltak i medhald av vedteken plan. Det vil òg vera viktig å følgja opp grunneigarar som vil gjera ein eigeninnsats td i høve til kulturlandskapsprosjekt (jfr. kap. 6.1.1).

Ansvarleg vert kultur/naturetaten (evnt ny driftseining kultur/natur).

## 7.4. Plan for oppsyn og informasjon

Det vil vera av avgjerande verdi å ha faste lokalkjende folk i området med ansvar for oppsyn og informasjon. Dette gjeld særleg i sommarhalvåret. Naturverdier og naturoppleving er sentrale omgrep som ikkje let seg forvalta berre gjennom kommune administrasjonen. Eit godt grunneigarsamarbeid kombinert med ein løna oppsynsperson vil vera med på å sikra verdiene i områda, og på skånsomt vis gjera kvalitetene tilgjengeleg for fleire.

Generelt kan ein seia at informasjon bør ha som mål å medverka til at folk vert klar over og tek omsyn til natur og viltinteressene. Tema som kan takast opp i slik informasjon er td villreinproblematikk, konflikt med hundar i høve til sau og vilt, merka og umerka ferdselsvegar mv. Ein må vera varsam med informasjon som kan føra til at naturkvalitetane vert øydelagde.

I hovudsak vil det vera aktuelt med tre typer informasjon:

- trykksaker
- fast informasjon i terrenget og på turisthytter
- guida turer

### a) Trykksaker

Gjennom Stavanger Turistforening si årbok for 91 har ein dekt eit visst grunnleggande behov for informasjon. Det er likevel ønskeleg med eit presentasjonshefte der natur, næringsdrift, ferdselsreglar, viltomsyn mv kan omtalast saman med hovudtrekk frå forvaltingsplanen. Eit utgangspunkt kan vera presentasjonsheftet frå Hirkjølen statsalmenning i Ringeby.

Det er òg ønskeleg med heilt enkle foldarar til gratis utdeling, og som lett kan justerast.

### b) Fast informasjon i terrenget

Det må utarbeidast ein enkel plan for fast informasjon i terrenget. Denne planen må innehalda plassering, innhald og utforming av tavler og skilt. Det er ønskeleg med minst mogleg tavler inne i verna område. Aktuelle informasjonsstasjonar bør vera:

- Førrebotn (kaiområdet)
- Funningsland (offentleg parkeringsplass)
- Kleivaland (tilknytn til parkeringsplass)
- Nes i Årdal / Trodla-Tysdal
- turisthyttene Melands-Grønahei, Eidavatn, Grasdalen, Nilsebu, Viglesdalen, Litle Aurådal og Storsteinen
- Blåfjellhytta og Stakken
- turistinformasjonskontor i "sentrum".



### **c) Guida turar**

Organisert ferdsel med kjentmann kan vera ei god ordning for å gjera folk kjent med naturkvalitetene på ein skånsom måte. Her ligg òg ei mogleg inntektskjelde i tilknytning til td gardsturisme.

Det er ønskjeleg med eit utval av informantar som kan nyttast til guida turar for grupper. Oppsynsfunksjonen bør samordna slik aktivitet.

### **Feltarbeidar**

Ein vil tilrå at det vert oppretta ei stilling som feltarbeidar for dei to landskapsvernområda tilsvaranda minimum halvt årsverk. Stillinga vil vera tilknytta oppgåver som oppsyn, informasjon, tilretteleggjing og eventuelt skjøtsel. Finansiering av ei slik stilling kan knyttast til:

- midler til jaktoppsyn (15 %)
- statlege midler verneområde (60 %)
- kommunale midler naturinformasjon (20%)
- andre kjelder (5 %)

# LITTERATUR

Abrahamsen, T. og Bakken O. 1984. Landskapsvernområder - en analyse av verneformen. Semesteroppgave ved hovedkurs i naturforvaltning ved Norges landbrukshøgskole. Ås-NLH.

Backer, I. L. 1986. Naturvern og naturinngrep. Forvaltningsrettslige styringsmidler. Universitetsforlaget, Oslo.

Direktoratet for naturforvaltning 1989. Rapport nr. 7 - 1989. Forvaltning av naturområder i Norge. Trondheim.

Direktoratet for naturforvaltning 1990. Forslag til mål og retningslinjer for norsk sti- og løypeplan. Høringsutgave. Del 1 - arealbehov og tilrettelegging for lengre fotturer og skiturer i Norge. Tilråding fra en prosjektgruppe oppnevnt av Direktoratet for naturforvaltning. Trondheim.

Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1984. Setesdal Vesthei. Inngrepsoversikt i perioden 1973-1984. Kristiansand.

Fylkesmannen i Buskerud, miljøvernavdelingen 1991. Skjøtselsplan, Hydalen landskapsvernområde, Hemsedal. Drammen.

Fylkesmannen i Nordland, miljøvernavdelingen 1990. Rapport 6:90. Forvaltningsplan for de verna områdene i Saltfjellet. Bodø.

Fylkesmannen i Rogaland 1986. En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland. Stavanger.

NOU 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei. Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.

NOU 1986:13. Ny plan for nasjonalparker. Universitetsforlaget, Oslo.

Norsk institutt for skogforskning, Norges naturvernforbund, Landbruksdepartementets skogavdeling, Ringebu kommune, Ringebu fjellstyre og Direktoratet for Statens skoger 1992. Hirkjølen - en presentasjon.

NU B 1977:34. Nordisk Utredningsserie. Naturgeografisk regionindelning av Norden. Stockholm.

Planfagleg rådgjevningsgruppe 1986. Heiområdet Setesdal-Ryfylke. Framlegg til mål og retningslinjer for arealbruk. Framlegg frå ei planfagleg rådgjevningsgruppe for heiområdet Setesdal-Ryfylke oppnemnt etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Kristiansand.

Steinnes, Audun 1988: Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rap. 1988:12. Ås-NLH.

**Styringsgruppa for forprosjektet til fleirbruksplanen for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane  
1991. Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Forprosjektet. Kristiansand.**

## VEDLEGG

### Vedlegg I: Mindretalsmerknad til kap. 6.1.5.

Representanten for grunneigarane i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hans Ove Mæland, reserverte seg generelt mot ønskje om tiltak som fører til auka trafikk i heia og meir uroing av villrein og sau på beite, og spesielt som nemnt i forvaltningsplanen:

"Tiltak som kan fremje friluftslivet er:

- sikringsbu på Melands-Grønahei (enten opprusting av eksisterande skjul/uthus eller nybygg)
- tilstrekkeleg overnattingskapasitet i Trodla-Tysdal"

## Vedlegg II: Temakart kulturminner



### **Vedlegg III: Temakart løypenett / turisthytter**

## Vedlegg IV: Temakart soneinndeling

## VEDLEGG V:

### FORSKRIFT OM VERN AV VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE I HJELMELAND KOMMUNE, ROGALAND FYLKE

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr 63, § 5, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, er eit område i Hjelmeland kommune verna som landskapsvernopråde ved kgl.res. av 19.april 1991 under namnet "Vormedalsheia landskapsvernopråde".

#### II

Området omfatter følgjande gnr./bnr. i Hjelmeland kommune: 30/2, 30/5, 32/1, 33/1, 34/1,5,7, 35/1, 36/1,2, 37/2,3,4,5, 38/1,3,4,5,8,9,10,12,13, 39/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,14, 15,16,17,20,22, 40/1,2,3, 41/1,2,3,5,6,7,8,9,10,11,14,27, 42/1,2,3,4,5,6, 43/1,2, 44/1,2, 45/12, 69/1,2,3,4,5,8,9, 100/3, 101/1,2, 107/4, 112/1,4,5,8,10,19, 117/1,3, 118/1,2, 121/1,2.

Landskapsvernoprådet er 120 km<sup>2</sup> stort.

Grensene for landskapsvernoprådet går fram av vedlagte kart, nedfotografert fra målestokk 1:50 000, datert Miljøverndepartementet februar 1991. Kartet og verneforskriftene finst i Hjelmeland kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### III

Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høg fjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

#### IV

For landskapsvernoprådet gjeld følgjande reglar:

1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, bortlegging av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftleidningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrking, treslagskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig.
2. Vegen til Ottestøl skal vera stengt med bom ved grensa til landskapsvernoprådet. Den skal vera ein traktorveg og ikkje rustast opp til høgare standard. Grunneigarane i området (gnr. 41 og 42) kan bruka vegen til næringskøyring med traktor og snøscooter, elles er motorisert ferdsle forbode.

3. Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy er forbode.
4. Forvaltningsstyresmaktene kan regulera organisert ferdsle og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.

## V

Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikringsteneste og oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsoppgåver.
2. Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, kraftliner, kraftverksinstallasjonar, vegar, innretningar m.v. nemnde under pkt. IV 1. når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.
3. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvern-området, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynte for fedrifta i området, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar, naudsynt bruk av motorkøyretøy til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade.

Forvaltningsstyresmakta kan av omsyn til særlege sårbare naturområde og viltforekomstar unnta enkelt tre og mindre tregrupper frå hogst.

4. Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.
2. Dyrking, oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising eller anna skogdrift ut over det som er tillatt etter pkt. V 3.
3. Oppføring av enkelte hytter i område der det er hytter frå før.

## VII

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan sette i verk skjøtseltiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane for vitenskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## IX

Forvaltninga av forskriftene er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

## X


Denne forskriften tek til å gjelde straks.



## **Vedlegg VI: Handlingsplan**

**Alle aktuelle tiltak som forvaltningsstyresmakta skal stå for dei nærmaste 2-4 åra bør ordnast kronologisk og stå samla bak i forvaltningsplanen. Når tilsynsutvalet har blitt oppretta bør det utarbeidast ein første handlingsplan for området.**





**VORMEDALSHEIA**  
**LANDSKAPSVERNOMRÅDE**  
Hjelmeland kommune

TEMAKART:  
*Løypenett/ Turisthytter*


Kartblad M711 1313 I,II,III,IV  
Målestokk 1:50 000

□ Ubetjent hytte  
■ Sjølvtjent hytte

Hjelmeland kommune mai 1992 feb 1993








**VORMEDALSHEIA**  
**LANDSKAPSVERNOMRÅDE**  
Hjelmeland kommune

**TEMAKART:**  
*Soneinndeling*

Kartblad M711 1313 I,II,III,IV  
Målestokk 1:50 000

☐ Sone A    ☐ Sone B    ☐ Sone C

Hjelmeland kommune mai 1992 FEB 1993







**VORMEDALSHEIA  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**  
Hjelmeland kommune

TEMAKART: Kartet viser óg kulturminne det er  
**Kulturminne** vanskeleg á sjá spor etter i dag

Kartblad M711 1313 I,II,III,IV  
Målestokk 1:50 000

- ◊ Vårstøl
- ◻ Rydningsrøys
- Sommarstøl
- △ Utløer
- ◻ Husmannsplas
- ▽ Jakt/gjeterbu







**VORMEDALSHEIA  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

Hjelmeland kommune

TEMAKART: Kartet viser óg kulturminne det er  
**Kulturminne** vanskeleg á sjá spor etter i dag

Kartblad M711 1313 I,II,III,IV  
Målestokk 1:50 000

- ◊ Vårstøl
- Sommarstøl
- ◻ Husmannsplas
- ◻ Rydningsrøys
- △ Utløer
- ▽ Jakt/gjeterbu

